

	Aukra kommune	Møteinnkalling
---	----------------------	-----------------------

Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Kommunehuset
Dato:	18.06.2019
Tid:	Kl. 13:05 – kl. 18:00

Forfall meldast til utvalssekretær som sørger for innkalling av varamedlemmar.
Varamedlemmar møter ved nærare innkalling.

Saksliste

Saksnr.:	Arkivsaksnr.:	Innhold:
PS 34/19		Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 35/19		Referatsaker
	2016/111	Møteprotokoll Eldrerådet 15.05.19
	2016/111	Møteprotokoll ungdomsrådet 09.04.19
	2016/111	Møteprotokoll ungdomsrådet 07.05.19
	2016/111	Møteprotokoll RLF 15.05.19
	2016/92	Interpellasjon til kommunestyret 18.6.2019
PS 36/19	2015/710	Elevopptak Aukra kulturskole 2019-2020
PS 37/19	2013/827	Val av revisjonsordning. Val av revisor
PS 38/19	2016/236	Revidering av delegeringsreglementet i Aukra kommune, plan- og bygningslova
PS 39/19	2017/1067	Ny ramme på prosjekt 683021 Veglys og vassledning Klippen - Løvik og prosjekt 648119 Fullføre vassleidning Skarshaug-Løvik
PS 40/19	2018/545	Etablering av Nordmøre og Romsdal brann og redning IKS
PS 41/19	2019/429	Plan for psykisk helse og rus 2019 - 2022
PS 42/19	2014/1409	Planid 201504. Detaljplan for ny veg mellom Gossen og Oterøya, Kjerringsundsambandet, til godkjenning
PS 43/19	2019/405	Økonomirapportering pr. 30.04.2019
PS 44/19	2018/558	Budsjettkorrigeringar pr. 30.4.2018
PS 45/19	2019/484	Rammesak - budsjett 2020
		Orienteringssak om Vard Aukra: F-sak 53/19 Felles møte/drøfting om muleg utvikling av næringsaktivitet og arbeidsplassar i Aukra kommune
		Orienteringar/drøftingar

		Ordførars spørrehalvtime
--	--	--------------------------

PS 34/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 35/19 Referatsaker

	Aukra kommune	Møteprotokoll
---	----------------------	----------------------

Utval:	Eldrerådet
Møtestad:	Kommunehuset
Dato:	15.05.2019
Tid:	Møtestart kl. 14:10. Møteslutt ca kl 16.00

Faste medlemmar som møtte:		
Rolf Harald Blomvik	Leiar	
Berit Cesilie Bytingsvik	Nestleiar	
Björg Eidskrem	Medlem	

Faste medlemmar som ikkje møtte:		
Astrid Nerbø	Medlem	
Eivind Rød	Medlem	

Varamedlemmar som møtte:		
Håkon Eikebø kunne ikkje møte	Astrid Nerbø	
Ikkje meldt forfall	Eivind Rød	

Frå administrasjonen møtte:	
Ingen	

Merknader:
Møtet vart starta som fellesmøte mellom Eldrerådet og RLF der Jon Gunnar Gjelberg ga ei flott utgreiing om status på prosessen med kulturhus. Forslag til byggetekniske løysingar med fasader straks venta til vurdering frå to firmaer.

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at møteboka er i samsvar med det som vart vedteke i møtet.

Saksliste

Saksnr.:	Arkivsaksnr.:	Innhald:
		Orientering om prosjektet Kulturhus og basseng ved prosjektleiar Jon-Gunnar Gjelberg
PS 12/19		Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 13/19		Referatsaker
	2016/35	Pasient- og brukerombudets årsmelding 2018
	2016/35	Brev til eldrerådene i Norge LEVE HELE LIVET
	2016/35	Konferanse: Program for "Bolig hele livet"
PS 14/19	2019/414	Val av kommunekomiteé for TV-aksjonen 2019 - CARE Norge
PS 15/19	2019/348	Omsorgsplan for Aukra kommune - val av medlemmar til referansegruppa

PS 12/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Eldrerådet - 15.05.2019

Behandling

Samrøystes vedtak

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent

PS 13/19 Referatsaker

Saksprotokoll i Eldrerådet - 15.05.2019

Behandling

Samrøyste vedtak

Vedtak

Referatsakene vart tatt til vitande

Pasient- og brukarombudets årsmelding 2018

Brev til eldrerådene i Norge LEVE HELE LIVET

Konferanse: Pprogram for "Bolig hele livet"

PS 14/19 Val av kommunekomiteé for TV-aksjonen 2019 - CARE Norge

Rådmannen si tilråding:

Det vert vald følgjande til medlemmar/vara i kommunekomiteéen for TV-aksjonen 2019:

Medlem frå formannskapet (leiar for komiteéen):

Varamedlem frå formannskapet (nestleiar for komiteéen):

Medlem frå drift- og arealutvalet:

Varamedlem frå drift- og arealutvalet:

Medlem frå livsløpsutvalet:

Varamedlem frå livsløpsutvalet:

Medlem frå eldrerådet:

Varamedlem frå eldrerådet:

Medlem frå rådet for likestilling av funksjonshemma:

Varamedlem frå rådet for likestilling av funksjonshemma:

Saksprotokoll i Eldrerådet - 15.05.2019

Behandling

Samrøystes vedtak

Vedtak

Det vert vald følgjande til medlemmar/vara i kommunekomiteén for TV-aksjonen 2019:

Medlem frå eldrerådet: Eivind Rød

Varamedlem frå eldrerådet: Rolf Harald Blomvik

PS 15/19 Omsorgsplan for Aukra kommune - val av medlemmar til referansegruppa

Rådmannen si tilråding:

Som representant i referansegruppa for omsorgsplanane blir valt:

- brukerrepr/repr frå eldrerådet
- repr. frå livsløputvalet
- repr frå rådet for personar med funksjonsnedsetting

Saksprotokoll i Eldrerådet - 15.05.2019

Behandling

Aukra eldreråd har tidlegare meldt om at Aukra burde delta i «LEVE HEILE LIVET», og sender med materiell frå Ulstein som eksempel derifrå.

Eldrerådet har merka seg at den komande omsorgsplanen skal utarbeidast i samsvar med St.melding 15 Leve heile livet, og er nøgd med det.

Vedtak

Som representant frå eldrerådet i referansegruppa for omsorgsplanane blir valt:

- brukerrepr/repr frå eldrerådet: Berit C. Bytingsvik

Eventuelt:

Eldrerådsfesten 2018 vart avlyst.

Eldrerådet startar no prosessen med Eldrefest i oktober 2019 lagt til Julsundet.

Ber om at Eldrefest blir eit punkt på neste saksliste



Utval: **Ungdomsrådet**
Møtestad: Kommunehuset, møterom 2. etg.
Dato: 09.04.2019
Tid: 17:10

Faste medlemmar som møtte:		
Ole August Iversen	Leiar	
Gabriela Anghel	Medlem	
Emma Ilestad Sporsem	Medlem	

Faste medlemmar som ikkje møtte:		
Marius Vassdal Lønseth	Nestleiar	
Amalie Pauline Fanghol	Medlem	
Ole Anton Skeide	Medlem	
Umekhaer Mohamed Abdi	Medlem	

Varamedlemmar som møtte:		
Enid Melsæter		
Vinosana Paskaran		
Vilde T. Sporsem		

Frå administrasjonen møtte:	
Sekretær Lene Marita Ræstad	

Merknader:1. SLT-møte – presentasjon av Ungdomsrådet

Det vert laga ein presentasjon. Det vert einstemmig vedtatt at Ole August, Enid og Gabriela deltek på møte SLT på koordinerande nivå.

2. Skilt med turistinformasjon om Gossen – flytting og oppgradering

På vegen frå ferjekaia på Aukrasanden er det eit skilt med turistinformasjon om Gossen. Dette skiltet har gammal og utdatert informasjon og står dårleg plassert. Skiltet står no på ein plass som ikkje er ein naturleg stoppeplass for bilar.

Forslag til nye plasseringar av nytt skilt med oppdatert informasjon; Falkhytten, ferja via skjermframvisar og/eller reklameveggen, eit infoskilt ved ferjekaia Aukrasanden og Hollingsholmen, da nær parkeringsplass. Oppfordre bedrifter (til dømes Shell) som har skjermvisarar til å syne turistinformasjon om Aukra og oppdaterte kart vert synt fram. Turistinformasjon må vere oppdatert, da særskild på nettsider til kommunen.

- 6 stemmer for forslaget mot 1

3. Skolefrukt

Ungdomsrådet stillar spørsmål om kvifor skolefruktordninga vert avvikla på barne- og ungdomsskolane i Aukra. Skolefrukt er med på å jamne ut sosiale skilnadar for skoleelevar. Elevar

som gløymer matpakke, eller på grunn av andre høve som til dømes tilgang til mat heime vert særskild ramma. Samstundes er det sannsynleg at mange elever ikkje et særleg mykje frukt i løpet av dagen, difor vil det vere eit godt helsefremmande tiltak å tilby dei frukt, slik at dei får meir variasjon i kosthaldet deira.

Skolefrukt har vore ei god ordning som har trygga eit måltid i skoletida. Ungdomsrådet ønskjer ei tilbakemelding frå administrasjon på årsak til at skolefruktordninga vart tatt bort og på kva måte var denne prosessen gjennomført frå forslag til vedtak

Ungdomsrådet hadde også ønska blitt tatt i denne prosessen gjennom orientering og at rådet hadde blitt rådført på førehand. Dette sidan tilbodet var rette mot alle barn og unge i kommunen. Det er positivt at elevråda er aktive med innspel til kva som skal seljast i kantina til skolen.

Om gratis skolefrukt vert sett i verk igjen eller om skolen no har noko gammal frukt; frukta lagast om til smoothie som skolen kan sel, men det er ønskeleg at Elevrådet avgjer dette vidare.

4. Strandryddedag arrangert av Ungdomsrådet i samarbeid med andre

Forslag til vedtak:

Arbeidsgruppe som jobbar fram mot neste møte 7.mai og har ansvar, organiserer og planlegg arrangementet. Arbeidsgruppe består av: Enid, Gabriela, Vilde, Emma, Vinosana og Ole August

- Einstemmig vedtatt.

5. Ungdomsrådet ønskjer ei orientering kring tiltak og oppfølging kring mobbing frå skolane i Aukra

Det vert fremma forslag om at skolane kallast inn til neste møte i Ungdomsrådet 7.mai. Det er ønskeleg at skolane kjem med ei orientering kring mobbing, kva førebyggjande og aktiv oppfølging er det i skolen, som til dømes lovverk. Kva skal ein ungdom gjere om ein annan elev mobbar, elev vert mobba av ein tilsett ved skolen? Det er ønskeleg at det vert opent for dialog og spørsmål.

Kan til dømes Ungdomsrådet ha ei orientering om ungdom/elevar sine rettigheter i starten av skoleåret? Samarbeid med skolane i saker som kan vere aktuelle å koble på Ungdomsrådet.

- Einstemmig vedtatt.

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at møteboka er i samsvar med det som vart vedteke i møtet.

Ole August Iversen	Enid Melsæter	
Gabriela Anghel	Vinosana Paskaran	
Emma Ilestad Sporsem	Vilde T. Sporsem	

Saksliste

Saksnr.:	Arkivsaksnr.:	Innhold:
PS 11/19		Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 12/19		Referatsaker
PS 13/19	2016/906	Ungdommens miljøkrav til kommunane i Møre og Romsdal

PS 11/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Ungdomsrådet - 09.04.2019

Behandling

Det vert lagt til 5 nye saker:

- Presentasjon av Ungdomsrådet til SLT møte koordinerande nivå 10.04.19.
- Skilt med turistinformasjon – flytting og oppgradering.
- Skolefrukt
- Strandryddedag arrangert av Ungdomsrådet i samarbeid med andre.
- Ungdomsrådet ønskjer ei orientering kring tiltak og oppfølging kring mobbing frå skolane i Aukra

Vedtak

Innkalling og sakliste med tilleggssaker vart samrøystes vedtatt.

PS 12/19 Referatsaker

Saksprotokoll i Ungdomsrådet - 09.04.2019

Behandling

Ingen referatsaker

Vedtak

PS 13/19 Ungdommens miljøkrav til kommunane i Møre og Romsdal

Rådmannen si tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding. Ungdomsrådet utarbeidar forslag til tiltak til kommunestyret Aukra.

Saksprotokoll i Ungdomsrådet - 09.04.2019

Behandling

Ungdomsrådet la fram følgjande forslag til kva klima og miljøtiltak dei ønskjer å få til i Aukra:

- Strandryddingsdag som arrangerast fast i starten av juni, ein dag på Gossen og ein på Julsundet. Arrangement er ønskeleg at det vert arrangert i samarbeid med elevrådet.

- Informasjonskampanje om klima og miljø på Aukradagen 2019. Konkurrans med beste forslag til tiltak/oppfinning for å betre klima/miljø. Innslag frå ungdomsrådet på scena i påmeldt innslag.
- Sykkel- og gå-aksjon for kommunetilsette – 1 månad der tilsette skal sykle/gå til og frå jobb. Kan det være ein konkurranse mellom avdelingane med tanke på deltaking? Premie må vere noko anna enn ein buff. Det kan vere premiering av beste avdeling og den personen som har gjort mest. Kan ha ei løysning til registrering som dei gjer på skolen, mogleg at det kan finnast appar som kan nyttast per dag. Registrere det du går eller sykklar i staden for å nytte køyretøy per dag. Vi ønskjer at kommunen også kan arrangere aksjon/arrangement for private bedrifter/næringslivet i Aukra. Dette kan vere eit bra tiltak for både miljø og folkehelsa.
- Kommunen vidareformidlar miljøarrangement som Earth Hour. Ha eit miljø/klima-arrangement i kommunen som er knytt opp mot Earth Hour.
- Papir vert nytta mykje. Kan ein nytte datamaskinar meir? Det kan vere deling av filar via andre portalar som til dømes itslearning og officeonline.
 - Det er eit ønskje at det vert redusert papirbruk i skolen. Kan infoark om til dømes lus sendast via e-post, infoskjerm eller liknande. Kan elevane sjølv velje om at noko skal vere papirlaust eller via papir?
 - Saksbehandling i kommunen mest mogleg papirlaust i alle utval og råd i kommunen om det lar seg gjere.
- Pålegge bønder å utarbeide gjødslingsplan om dette ikkje er utarbeida frå før.
- Kommunale bilar – ønskeleg at desse vert el-bilar. Sette opp fleire ladestasjonar ved kommunale parkeringsplassar i kommunen. Ønskeleg at det vert oppretta ladestasjon ved ferjeleiet.

Forslaga til tiltak vart samrøystes vedtatt.

Innstilling frå ungdomsrådet

- Strandryddingsdag som arrangerast fast i starten av juni, ein dag på Gossen og ein på Julsundet. Arrangement er ønskeleg at det vert arrangert i samarbeid med elevrådet.
- Informasjonskampanje om klima og miljø på Aukradagen 2019. Konkurrans med beste forslag til tiltak/oppfinning for å betre klima/miljø. Innslag frå ungdomsrådet på scena i påmeldt innslag.

- Sykkel- og gå-aksjon for kommunetilsette – 1 måned der tilsette skal sykle/gå til og frå jobb. Kan det være ein konkurranse mellom avdelingane med tanke på deltaking? Premie må vere noko anna enn ein buff. Det kan vere premiering av beste avdeling og den personen som har gjort mest. Kan ha ei løysning til registrering som dei gjer på skolen, mogleg at det kan finnast appar som kan nyttast per dag. Registrere det du går eller sykklar i staden for å nytte køyretøy per dag. Vi ønskjer at kommunen også kan arrangere aksjon/arrangement for private bedrifter/næringslivet i Aukra. Dette kan vere eit bra tiltak for både miljø og folkehelsa.
- Kommunen vidareformidlar miljøarrangement som Earth Hour. Ha eit miljø/klima-arrangement i kommunen som er knytt opp mot Earth Hour.
- Papir vert nytta mykje. Kan ein nytte datamaskinar meir? Det kan vere deling av filar via andre portalar som til dømes itslearning og officeonline.
 - Det er eit ønskje at det vert redusert papirbruk i skolen. Kan infoark om til dømes lus sendast via e-post, infoskjerm eller liknande. Kan elevane sjølv velje om at noko skal vere papirlaust eller via papir?
 - Saksbehandling i kommunen mest mogleg papirlaust i alle utval og råd i kommunen om det lar seg gjere.
- Pålegge bønder å utarbeide gjødslingsplan om dette ikkje er utarbeida frå før.
- Kommunale bilar – ønskeleg at desse vert el-bilar. Sette opp fleire ladestasjonar ved kommunale parkeringsplassar i kommunen. Ønskeleg at det vert oppretta ladestasjon ved ferjeleiet.

	Aukra kommune	Møteprotokoll
---	----------------------	----------------------

Utval:	Ungdomsrådet
Møtestad:	Kommunehuset
Dato:	07.05.2019
Tid:	17:10

Faste medlemmar som møtte:		
Ole August Iversen	Leiar	
Marius Vassdal Lønseth	Nestleiar	
Gabriela Anghel	Medlem	
Emma Ilestad Sporsem	Medlem	
Ole Anton Skeide	Medlem	
Umekhaer Mohamed Abdi	Medlem	

Faste medlemmar som ikkje møtte:		
Amalie Pauline Fanghol	Medlem	

Varamedlemmar som møtte:		
Vinosana Paskaran	varamedlem	

Frå administrasjonen møtte:	
Sekr. Lene Marita Ræstad, rektor Hanna Valved Korsvik, rektor Heidi Falkhytten	

Merknader:

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at møteboka er i samsvar med det som vart vedteke i møtet.

Saksliste

Saksnr.:	Arkivsaksnr.:	Innhold:
PS 14/19		Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 15/19		Referatsaker
	2016/906	Skolane i Aukra orienterer om kva tiltak og oppfølging det er i skolen kring mobbing.
PS 16/19	2019/324	Tilskot til kulturføremål - song og musikkorganisasjonar
PS 17/19	2019/324	Tilskot til kulturføremål - andre lag og organisasjonar
PS 18/19	2019/324	Tilskot til kulturføremål - Idrettsorganisasjonar
PS 19/19	2019/324	Tilskot til kulturføremål - samfunnshus og organisasjonseigde hus.
		Planlegge stand til Ungdomsrådet til Aukradagen.
		Planlegge val til Ungdomsrådet 2019/20.

PS 14/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Ungdomsrådet - 07.05.2019

Behandling

Det vert lagt fram ei ny sak:

- Planleggje strandryddedag.

Samrøystes vedtak

Vedtak

Innkalling og sakliste med tilleggssak vart godkjent.

PS 15/19 Referatsaker

Saksprotokoll i Ungdomsrådet - 07.05.2019

Behandling

Samrøystes vedtatt

Vedtak

Referatsaka vart tatt til vitande

Skolane i Aukra orienterer om kva tiltak og oppfølging det er i skolen kring mobbing.

PS 16/19 Tilskot til kulturføremål - song og musikkorganisasjonar

Rådmannen si tilråding:

Livsløpsutvalet fordeler kr. 90.000,- i tilskot til song og musikkorganisasjonar slik:

Søkjjar	Tilskot 2019
Julsundet skolekor	Kr. 10.000,-
Gossen Gospel Voices	Kr. 15.000,-
Sangkoret Fjelljom	Kr. 25.000,-
Gossen Musikkorps	Kr. 20.000,-
Aukra Barnegospel	Kr. 10.000,-
Gossen skolekorps	Kr. 10.000,-
Sum	Kr. 90.000,-

Saksprotokoll i Ungdomsrådet - 07.05.2019

Behandling

Samrøystes vedtatt

Uttale frå ungdomsrådet:

Ungdomsrådet forslår følgjande fordeling:

Søkjjar	Sum	UR si anbefaling
Julsundet skolekor	10.000,-	10.000
Gossen Gospel Voices	15.000,-	15.000
Sangkoret Fjelljom	50.000	25.401
Gossen musikkorps	20.000,-	20.000,-
Aukra Barnegospel	10.000,-	10.000,-
Gossen skolekorps	9.599,-	9.599,-

Søknadene til kulturføremål vart lagt fram på møte i Ungdomsrådet før tilråding frå rådmannen og andre utval. Ungdomsrådet kjem med ein uttale kring søknadane.

PS 17/19 Tilskot til kulturføremål - andre lag og organisasjonar

Rådmannen si tilråding:

Livsløpsutvalet fordeler kr. 48.000,- i tilskot til andre lag og organisasjonar slik:

Saksprotokoll i Ungdomsrådet - 07.05.2019

Behandling

Samrøystes vedtatt

Uttale frå ungdomsrådet:

Ungdomsrådet foreslår følgjande fordeling:

Søkjjar	Sum	UR si anbefaling
Molde og Romsdal turistforening	15.000,-	15.000,-
Pinsemenigheten Klippen	20.000,-	20.000,-
Gossen frilynde Ungdomslag	8.000,-	8.000,-
Solem Søndagsskole	12.000,-	12.000,-
Gossen Ving	6.000,-	6.000,-
Aukra pensjonistlag	10.000,-	10.000,-

Merknad: Ungdomsrådet har i saka tatt høve for at ramma for midlane var på kr. 90.000,-.

I saka er det oppnemnt kr. 48.000,- i tilrådinga frå rådmannen. Det er avsett kr. 42 000,- til andre kulturføremål elles i året. Dette er det ikkje tatt omsyn til i anbefaling frå Ungdomsrådet.

PS 18/19 Tilskot til kulturføremål - Idrettsorganisasjonar

Rådmannen si tilråding:

Livsløpsutvalet fordeler kr. 120.000,- i tilskot til idrettsorganisasjonar slik:

Søkjjarar	Tilskot 2019
Gossen Idrettslag	Kr. 75.000,-
Gossen Motorklubb	Kr. 30.000,-
Molde Taekwon-Do Klubb	Kr. 15.000,-
Ekko Aureosen Idrettslag	Kr. 50.000,-
Sum	Kr. 170.000,-

Saksprotokoll i Ungdomsrådet - 07.05.2019

Behandling

Samrøystes vedtatt

Uttale frå ungdomsrådet:

Ungdomsrådet foreslår følgjande fordeling:

Søkjjar	Sum	Ur si anbefaling
Gossen idrettslag	75.000,-	10.000
Gossen Motorklubb	130.000,-	60.000
Molde Taekwon-Do Klubb	50.000,-	40.000
Ekko Aureosen Idrettslag	50.000,-	10.000

Søknadene til kulturføremål vart lagt fram på møte i Ungdomsrådet før tilråding frå rådmann og andre utval. Ungdomsrådet kjem med ein uttale kring søknadene.

Gossen Idrettslag og Ekko Aureosen har fått tildelt låg sum grunna at dei kan ha betre økonomiske rammer og er veletablert organisasjon. Ungdomsrådet ønskjer å prioritere nyetablerte tilbod.

PS 19/19 Tilskot til kulturføremål - samfunnshus og organisasjonseigde hus.

Rådmannen si tilråding:

Livsløpsutvalet fordeler kr. 200.000,- i tilskot til samfunnshus og organisasjonseigde hus slik:

Søkjara	Tilskot 2019
Rød bedehus	Kr. 30.000,-
Gossen idrettslag	Kr. 100.000,-
Pinsemenigheten Klippen	Kr. 40.000,-
Betania	Kr. 30.000,-
Sum	Kr. 200.000,-

Saksprotokoll i Ungdomsrådet - 07.05.2019

Behandling

Samrøystes vedtatt

Uttale frå ungdomsrådet:

Ungdomsrådet foreslår følgjande fordeling:

Søklar	Sum	Ur si anbefaling
Rød Bedehus	Kr. 40.000,-	Kr. 40.000,-
Gossen Idrettslag	Kr. 100.000,-	Kr. 100.000,-
Pinsemenigheten Klippen	Kr. 63.000,-	Kr. 63.000,-
Betania Bedehus	Kr. 30.000,-	Kr. 30.000,-

Søknadene til kulturføremål vart lagt fram på møte i Ungdomsrådet før tilråding frå rådmann og andre utval. Ungdomsrådet kjem med ein uttale kring søknadene.

Merknad: Ungdomsrådet har i saka tatt høve for at ramma for midlane var på kr. 250.000,-.

Strandryddingsdag:

Saksprotokoll i Ungdomsrådet - 07.05.2019

Behandling

Samrøystes vedtatt

Vedtak:

Søndag 2.juni. Arrangement samme dag på Julsundet og Gossen.

Tidsramme: 12-16?

Dele ut søppelsekker og utstyr frå kommunehuset frå kl 11.00.

Marius kan ikkje stille denne dagen.

- Kva strender er det størst behov for å rydde? Nettsida «Gjør Norge rent» er nytta til leggje inn kva strender som er rydda, men uvisst om sida er oppdatert.

Nytte Facebooksidene til «Hva skjer på Gossen og Kva skjer i Julsundet» til å spørje om kva strender det er behov for å rydde og for å marknadsføre arrangement.

- Dele ungdomsrådet i 3 – med ulike ansvarsområde: utdeling av utstyr, rydde strand ved Julsundet og Gossen.

Infoskriv til skolane og kommunen via:

- FAU ved Erlend Melby GBU og rektor ved Julsundet skole – dei vidareformidlar infoskriv til elevane
- FB sida til kommunen.

Ole August tek ansvar for å finne kva strender som skal ryddast, kontaktar RIR

Dei andre i rådet vidareformidlar info og marknadsfører arrangement

Ungdomsrådet ordnar med kake, saft og kaffi. Sekretær må få tilbakemelding ei minst 1 veke før arrangement om eventuelle innkjøp til arrangement.

Planlegge stand til Ungdomsrådet til Aukradagen**Saksprotokoll i Ungdomsrådet - 07.05.2019****Behandling**

Samrøystes vedtatt

Vedtak:

Kan ikkje delta på stand i år: Ole August, Ivan, Emma, Vilde, Gabriela og Enid

Usikker: Marius.

Lene Marita melder på Ungdomsrådet stand og sceneinnslag.

Vidare planlegging via eige arbeidsmøte til rådet.

Nytt val i Ungdomsrådet:

Saksprotokoll i Ungdomsrådet - 07.05.2019

Behandling

Samrøystes vedtatt

Vedtak:

Slik som tidlegare, inn i skolane frå 7.klasse til og med 10.klasse på begge skolane før neste møte i rådet.

Marknadsføre via sosiale media og skoleskjermar.

Ungdomsrådet organiserer og sørger for at dette vert gjennomført.

Eventuelt skulefritak meldast frå til Lene Marita.

Skolane i Aukra orienterer om kva tiltak og oppfølging det er i skolen kring mobbing.

Saksprotokoll i Ungdomsrådet - 07.05.2019

Behandling

Samrøystes vedtatt

Vedtak:

Skolane ved rektorane i Aukra orienterer om kva tiltak og oppfølging det er i skolen kring mobbing:

Det vert mellom anna nemnt:

- Opplæringslova § 9a
- Spekter undersøkinga
- Aktivitetsplan ved varsling av mobbing.
- Vip- makker skal innførast til hausten i skolane
- Inspeksjon i skuleområdet er eit viktig tiltak for elvane.
- Udir prosjekt: Inkluderande skole- og barnehagemiljø i Aukra.
- SIM: Skolens innsatsteam mot mobbing- fleire tilsette frå skolen som er skolerte.

Rektorane og Ungdomsrådet ønskjer å samarbeide og nokre forslag som vert lagt fram er følgjande;

- Rektorane ønskjer at Ungdomsrådet deltek ved planleggingsdag for skolen i august for å snakke om VIP-makker.
GBU og Julsundet kjem med invitasjon til ungdomsrådet.
- Ungdomsrådet kan gjerne være med på arrangement/infodager på skolen.


- Gjerne ha gruppearbeid/dialog med meir retta mot elevane, til dømes eit samarbeid med SLT, politi.
SLT arbeidet og rus/kriminalitets førebyggjande tiltak og kvar kan ein melde frå til ved behov.

Kommentar:

Ungdomsrådet er positive til arbeidet som skolane gjer. Skolane har handlingsplanar, gjer ein god innsats og følgjer opp lowverket

Vip -makker er eit tiltak som Ungdomsrådet sjølv har gode erfaringar til frå vidaregåande skole. Ungdomsrådet har trua på at dette vert eit tiltak som skapar eit inkluderande miljø. Det er viktig med god kunnskap og tydleg informasjon om tiltaket ved innføring av Vip-makker til elevane.

Ungdomsrådet ser fram til vidare samarbeid med skolane.

	Aukra kommune	Møteprotokoll
---	----------------------	----------------------

Utval:	Rådet for likestilling av funksjonshemma
Møtestad:	Kommunehuset
Dato:	15.05.2019
Tid:	14:10

Faste medlemmar som møtte:		
Katrine Rindarøy	Leiar	
Kjell Torbjørn Grønvik	Medlem	
Astrid Moen Thomassen	Medlem	
Pål Terje Huse	Medlem	

Faste medlemmar som ikkje møtte:		
Astrid Johanne Pedersen	Nestleiar	

Varamedlemmar som møtte:		
May Liss Beøy Raknes	Astrid Johanne Pedersen	

Frå administrasjonen møtte:	
Prosjektleiar Jon Gunnar Gjelberg	

Merknader:

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at møteboka er i samsvar med det som vart vedteke i møtet.

Katrine Rindarøy	Pål Terje Huse	
Kjell Torbjørn Grønvik	May Liss Beøy Raknes	
Astrid Moen Thomassen		

Saksliste

Saksnr.:	Arkivsaksnr.:	Innhald:
PS 13/19		Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 14/19		Referatsaker
	2016/35	Pasient- og brukerombudets årsmelding 2018
	2019/52	Vedtak om minimumskrav for universell utforming i byggesaker og TEK 17
PS 15/19	2019/414	Val av kommunekomiteé for TV-aksjonen 2019 - CARE Norge
PS 16/19	2019/348	Omsorgsplan for Aukra kommune - val av medlemmar til referansegruppa
		Orientering om prosjektet Kulturhus og basseng ved prosjektleiar Jon-Gunnar Gjelberg

PS 13/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Rådet for likestilling av funksjonshemma - 15.05.2019

Behandling

Samrøystes vedtak

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent.

PS 14/19 Referatsaker

Saksprotokoll i Rådet for likestilling av funksjonshemma - 15.05.2019

Behandling

Rådet for likestilling av funksjonshemma satt fram følgjande forslag:

Rådet for likestilling av funksjonshemma er uroa over problemstillingane funne i årsmeldinga til Pasient- og brukerombudet i Møre og Romsdal. I den forbindelse ynskjer vi å bli informert om noen av problemstillingane er frå Aukra kommune og korleis det er vorte handsama.

Forslaget frå RLF vart samrøystes vedtatt.

Vedtak

Rådet for likestilling av funksjonshemma er uroa over problemstillingane funne i årsmeldinga til Pasient- og brukerombudet i Møre og Romsdal. I den forbindelse ynskjer vi å bli informert om noen av problemstillingane er frå Aukra kommune og korleis det er vorte handsama.

Pasient- og brukerombudets årsmelding 2018

Vedtak om minimumskrav for universell utforming i byggesaker og TEK 17

PS 15/19 Val av kommunekomiteé for TV-aksjonen 2019 - CARE Norge

Rådmannen si tilråding:

Det vert vald følgjande til medlemmar/vara i kommunekomiteéen for TV-aksjonen 2019:

Medlem frå formannskapet (leiar for komitéen):

Varamedlem frå formannskapet (nestleiar for komitéen):

Medlem frå drift- og arealutvalet:

Varamedlem frå drift- og arealutvalet:

Medlem frå livsløpsutvalet:
Varamedlem frå livsløpsutvalet:

Medlem frå eldrerådet:
Varamedlem frå eldrerådet:

Medlem frå rådet for likestilling av funksjonshemma:
Varamedlem frå rådet for likestilling av funksjonshemma:

Saksprotokoll i Rådet for likestilling av funksjonshemma - 15.05.2019

Behandling

Rådet for likestilling av funksjonshemma satt fram følgjande forslag:

Det vert vald følgjande til medlemmar/vara i kommunekomiteén for TV-aksjonen 2019:

Medlem frå rådet for likestilling av funksjonshemma: Katrine Rindarøy
Varamedlem frå rådet for likestilling av funksjonshemma: Astrid Moen Thomassen

Forslaget frå RLF vart samrøystes vedtatt.

Vedtak

Det vert vald følgjande til medlemmar/vara i kommunekomiteén for TV-aksjonen 2019:

Medlem frå rådet for likestilling av funksjonshemma: Katrine Rindarøy
Varamedlem frå rådet for likestilling av funksjonshemma: Astrid Moen Thomassen

PS 16/19 Omsorgsplan for Aukra kommune - val av medlemmar til referansegruppa

Rådmannen si tilråding:

Som representant i referansegruppa for omsorgsplanane blir valt:

- brukerrepr/repr frå eldrerådet
- repr. frå livsløpsutvalet
- repr frå rådet for personar med funksjonsnedsetting

Saksprotokoll i Livsløpsutvalet - 04.04.2019

Behandling

Frode Bjerkan sette fram forslag på nestleiar i livsløpsutvalet Katrine Rindarøy
Forslaget frå Frode Bjerkan vart samrøystes vedtatt

Vedtak

Som representant i referansegruppa for omsorgsplanane blir valt:
Repr. frå livsløpsutvalet: Nestleiar Katrine Rindarøy

Saksprotokoll i Rådet for likestilling av funksjonshemma - 15.05.2019

Behandling

Utvalsmedlem Katrine Rindarøy satt fram følgjande forslag:
Pål Terje Husøy.

Forslaget frå Katrine Rindarøy vart samrøystes vedtatt.

Vedtak

Som representant i referansegruppa for omsorgsplana blir valt:
Representant frå rådet for personar med funksjonsnedsetting: Pål Terje Husøy

Interpellasjon til kommunestyret 18. juni 2019

I disse dager er det mange ungdommer som har avsluttet videregående skole og som venter spent på det neste trinnet i livet, nemlig å få starte på sin lærlingeutdanning. Aukra Ap ønsker å få bort begrepet "ungdom uten lære plass". De av ungdommene våre som tar yrkesfag skal framsnakkes!

I Aukra har vi sagt at vi skal ha 5 - 8 lærlinger og vi i Aukra Ap ønsker å kunne tilby lære plassgaranti for ungdommene i vår kommune som vil fullføre sin utdanning her. Vi snakker da om lærlinger i helsearbeiderfaget, barne- og ungdomsarbeiderfaget, institusjonskokkfaget og kontor- og administrasjonsfaget. Dette er arbeidskrefter alle kommuner trenger fremover og ved å gi ungdommene lærlingplasser i hjemkommunen sin, så er det med et håp om at de vil fortsette å bo og jobbe her etter endt læretid.


Bergen kommune har allerede innført lærlingegaranti i helsearbeiderfaget og barne- og ungdomsarbeiderfaget, der det bl.a. stilles krav til fravær, orden og at elevene får minst karakteren 3 i programfagene.

Spørsmål til ordføreren er:

1. Kan Aukra kommune innføre lærlingegaranti, f.eks. etter mal fra Bergen kommune?
2. Kan kommunen bidra til et enda sterkere samarbeid mellom næringsliv/kommune når det gjelder lære plasser? Vi ønsker at ungdommen vår skal få et utdanningsløp i egen kommune.
3. Har kommunen tilstrekkelig med boliger for ungdom som evt. lærlinger kan benytte?

Audhild Mork og Katrine Rindarøy

Aukra Arbeiderparti

	Aukra kommune	Arkivsak: 2015/710-11 Arkiv: A30 Saksbeh: Malin Solberg Dato: 09.05.2019
--	----------------------	---

Saksframlegg

Utv.saknr.:	Utval:	Møtedato:
18/19	Livsløpsutvalet	28.05.2019
46/19	Formannskapet	03.06.2019
36/19	Kommunestyret	18.06.2019

Elevopptak Aukra kulturskole 2019-2020

Rådmannen si tilråding:

Elevopptak for Aukra kulturskole 2019-2020 vert tatt til vitande.

Saksprotokoll i Livsløpsutvalet - 28.05.2019

Behandling

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt

Uttale frå livsløpsutvalet

Som tilrådinga frå rådmannen

Saksprotokoll i Formannskapet - 03.06.2019

Behandling

Samrøystes som tilrådinga frå rådmannen

Innstilling frå formannskapet:

Som tilrådinga frå rådmannen

Vedlegg:

- 1 Utvikling elevtal- Aukra
kulturskole

Særutskrift:**Bakgrunn:**

Kulturskolen gjer hovudopptak av elevar etter søknadsfrist 15. mars. Opptak vert gjort innan gjeldande rammer og heimlar.

Utgreiing:

Kulturskolen har for dette skoleåret ein liten nedgang i elevtalet. Dette skyldast i hovudsak nedgang i elevar på klassisk ballett og jazz dans på grunn av ustabilitet i lærarressurs for faget dei siste åra.

Vi har no to grupper jazz dans mot tidlegare år, fire grupper.

Kulturskolen har gjennom breiddeprogrammet ulike tilbod som kurs og småbarnstilbod. Desse elevane er ikkje medrekna i elevtalet. I vedlegg til saka ligg ei oversikt som viser utviklinga i elevtalet for kulturskolen dei siste 10 åra.

Kulturskolen har for skoleåret 2018-2019 gjort følgjande opptak og 209 elevplassar er fordelt slik.

Tilbod		Antal elevar
<u>KuDraMuDa</u>		15 elevar
Musikk	Intro	0 elevar
	Fiolin	5 elevar
	Bratsj	1 elevar
	Cello	1 elev
	Klarinett	1 elev
	Saksofon	3 elevar
	Kornett	2 elevar
	Tuba	1 elev
	Tverrfløyte	4 elevar (5 plassar)
	Piano	25 elevar (26 plassar)
	Vokal	19 elevar (20 plassar)
	Akustisk gitar	12 elevar
	El-gitar	6 elevar
	El-bass	3 elevar
	Salgverk	4 elevar
	Musikkterapi	0 elevar
Trekkspel	0 elevar	
Kunst		28 elevar
Teater		8 elevar
Dans	Knøttedans	5 elevar
	Klassisk ballett og Jazz dans	10 elevar
	Hiphop/breakedance	48 elevar
Teknologi	Elektronisk musikkproduksjon	2 elevar
	Produksjonsteknikk	3 elevar (Lyd-og

		lysproduksjon)
--	--	----------------

Venteliste:

Kulturskolen har etter opptak ei total venteliste på 5 elevar som fordeler seg slik:

Vokalgruppe:	1 elev (For få til å starte opp på Julsundet)
Trekkspel:	1 elev (Har ikkje lærar)
Musikkterapi:	2 elevar (Har ikkje lærar)
Akustisk gitar:	1 elev (Ikkje ledig plass for vaksen elev, vil få tilbod om gitarkurs)

Administrative og økonomiske konsekvensar:

Opptaket er gjort innafor gjeldande ramme for kulturskolen og med bakgrunn i kapasitet på lærarkrefter.

Folkehelsekonsekvensar:

Kultur er viktig for folk si helse og trivsel. Forskning viser at dei som er utøvarar innanfor kulturlivet sine mange aktivitetar, scorer gjennomgåande høgt på god generell helse. Dette gjeld både aktive utøvarar, støttespelarar og publikum.

Kunstnariske uttrykk gir mulegheit til å forstå betre både sitt eige og andre sitt følelsesliv, og dette legg grunnlag for god psykisk helse.


Aukra kulturskole sin visjon er "Kulturskole for alle". Dette inneber at vi ønskjer å legge tilrette for tilbod som bidreg til at alle som ønskjer det skal få mulegheit til å delta i kulturskolen.

Ingrid Husøy Rimstad
Rådmann

Anne Jorunn Sandøy
Kultursjef

UTVIKLING ELEVTAL AUKRA KULTURSKOLE -10 ÅR

Årstal	Musikk	Dans	Kunst	Teater	Teknologi	KDMD	Total	
10/11	103	98	13	0	0	0	10	224 GSI tal
11/12	106	104	17	0	0	0	16	243 GSI tal
12/13	103	105	26	19	9	1	12	278
13/14	109	106	25	24	10	1	12	292
14/15	108	93	27	21	0	0	6	255
15/16	93	105	44	15	3	0	10	270
16/17	91	68	34	15	4	0	16	226
17/18	93	69	28	5	3	0	18	212
18/19	93	72	28	5	2	0	17	217
19/20	89	63	28	8	5	0	15	208




FORKLARING

ÅR	Tot elever
10-11	Tilbod i Pilates 18 stk voksne 224
11-12	Oppgang= Pilates 21 voksne 243
12-13	Oppgang= oppstart teater og teknologi 278
13-14	Oppgang = oppstart GSK og dans Julsundet 292
14-15	Nedgang i KDMD, dans og protek 255 Flytta til Riksfjord. Avslutta Protek grunna lærarmangel.
15-16	Oppgang= Oppstart Yoga for voksne 270 og ny gruppe dans og kunst
16-17	Nedgang = Yoga avslutta 226 og nedgang kunst og dans
17-18	Nedgang teater, dans, kunst 212
18-19	Liten Oppgang 217 Oppstart knøttedans 01.01.19 (er ikkje medrekna her)
19-20	Nedgang = Avslutta 2 grupper klassisk/jazz di 208

Kurs og Småbarnstrall er ikkje tatt med i elevtalet. (eks. gitar-, foto-, kunstkurs)



	Aukra kommune Kontrollutvalet	Arkivsak: 2013/827-24
		Arkiv: 026
		Saksbeh: Jane Anita Aspen
		Dato: 26.04.2019

Saksframlegg

Utv.saknr.:	Utval:	Møtedato:
PS 18/19	Kontrollutvalet	06.05.19
37/19	Kommunestyret	18.06.2019

Val av revisjonsordning. Val av revisor

Kontrollutvalet si tilråding:

1. Aukra kommunestyret godkjenner at Aukra kommune held fram med revisjon i eigenregi.
2. Aukra kommunestyre vel Møre og Romsdal Revisjon SA som revisor for Aukra kommune, under føresetnad av at selskapet blir stiftet.
3. Kontrollutvalet inngår og godkjenner oppdragsavtaler med Møre og Romsdal Revisjon SA.

Kontrollutvalet si handsaming – 6.5.2019

Sekretær gav utvalet ei orientering om bakgrunnen for saka og kva som er vektlagt i saksframlegget.

Sekretær informert om at det i det utsendte saksframlegget er ein skrivefeil i punkt. 2. i Sekretariatet si tilråding. Det skal stå Møre og Romsdal Revisjon SA.

Sekretær og oppdragsansvarleg revisor Ronny Rishaug svarte på spørsmål frå utvalet.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding (5 voterande)

Sekretariatet si tilråding

1. Aukra kommunestyret godkjenner at Aukra kommune held fram med revisjon i eigenregi.
2. Aukra kommunestyre vel Møre og Romsdal Revisjon SA som revisor for Aukra kommune, under føresetnad av at selskapet blir stiftet.

3. Kontrollutvalet inngår og godkjenner oppdragsavtaler med Møre og Romsdal Revisjon SA.

Særutskrift:

Bakgrunn:

Ei styringsgruppe la i april 2014 fram et forslag om å etablere eit nytt interkommunalt revisjonsselskap (IKS) med deltaking frå 29 kommunar og fylkeskommunen, dvs. ein fusjon av revisjonseiningane på Nordmøre, i Romsdal og nordre Sunnmøre, samt fylkesrevisjonen. Søre Sunnmøre Kommunerevisjonsdistrikt IKS valte å stå utanfor utredningsarbeidet.

Like før avgjerd om stifting av selskapet våren 2015, fatta Komrev 3 (nordre Sunnmøre) følgjande vedtak:

«Med bakgrunn i kommunereforma, usikkerheit knytt til økonomi, framlegg til endringar i ansvarsreglane i lov om interkommunale selskap og forslaget om plassering av verksemda sitt hovudkontor, ønskjer ikkje KomRev3 IKS å delta i selskapet Møre og Romsdal revisjon IKS.»

Våren 2015 fatta Aukra kommunestyre vedtak om å velje Møre og Romsdal Revisjon IKS som revisor for kommunen. Selskapet vart stifta etter vedtak i Møre og Romsdal fylkeskommune og dei 17 kommunane på Nordmøre og Romsdal. Av ulike årsaker vart etableringa forseinka og det nye selskapet var først i drift frå februar 2017. Selskapet har sida då levert revisjonstenester til kommunen.

Sommaren 2018 tok KomRev3 IKS kontakt med Møre og Romsdal Revisjon IKS for å diskutere om det var mogeleg å få til ei samanslåing. Det vart nedsett eit forhandlingsutval og ei arbeidsgruppe, disse har utarbeidd rapporten «Nye Møre og Romsdal Revisjon». Representantskapa i de to selskapa har slutta seg til konklusjonar og innstilling i vedlagte rapport, og sender denne over til eigarkommunar/fellesnemnder med tilråding om å stifte selskapet.

Med heimel i kommunelova § 78 nr. 3 og 4, er kontrollutvalet tillagt innstillingsretten i spørsmål om val av revisjonsordning og revisor. Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal er saksførebuar for denne delen av saken.

Mens stifting av selskapet og godkjenning av vedtekter, jf. tilråding frå representantskapet, ligg til rådmannen å førebu og legge fram for formannskapet med innstilling til kommunestyret.

Vedlagt saka følger:

- Rapport «Nye Møre og Romsdal Revisjon»

Vurdering:

Dette saksframlegget vil innehalde vurderingar knytt til val av revisjonsordning og val av revisor.

Val av revisjonsordning

Når ein kommune har gjort val av revisjonsordning, så vert det vanlegvis ikkje gjort ei ny vurdering av dette utan at det blir tatt initiativ til det. Sjølv om det ikkje er tatt noko initiativ til å vurdere ei anna revisjonsordning no, så vurderer sekretariatet at det er naturleg at kontrollutvalet og kommunestyret får ein beskriving av dei ulike alternativa som er å velje. Det er eit naturleg krysspunkt å gjere ei slik vurdering, når det no er tatt initiativ til å etablere eit nytt revisjonsselskap.

1. Revisjon i eigenregi - Tilsette eigen revisor

Dette er ikkje eit reelt alternativ. Revisor vil ikkje ha eit fagmiljø og kompetansen som kommunen vil få tilført ville vore avgrensa til ein eller to personar. Kostnadene vil difor måtte vere høge, og ein vil vere svært sårbar ved sjukdom og avgang i stillinga. Ordninga med ein revisor tilsett i kvar kommune gjekk en bort frå i 1993, når Kommunerevisjonsdistrikt 2 og dei andre revisjonsdistrikta vart oppretta. Det er nokre få store kommunar og fylkeskommunar som har denne løysinga, f.eks.; Oslo kommune og Trondheim kommune.

2. Revisjon i eigenregi - Delta i interkommunalt samarbeid

Kommunane i Møre og Romsdal har sidan 1993 deltatt i interkommunale revisjonsordningar.

Frå 1993 og til 2017 fekk Aukra kommune sine revisjonstenester frå Kommunerevisjonsdistrikt 2, som var eit interkommunalt samarbeid heimla i kommunelova § 27. Kommunane som tok del i samarbeidet var Aukra, Eide, Fræna, Gjemnes, Molde, Nesset, Rauma, Sunndal og Vestnes kommunar.

Frå 2017 har Aukra kommune fått sine revisjonstenester frå Møre og Romsdal Revisjon IKS. Deltakarane i dette interkommunale selskapet er Møre og Romsdal fylkeskommune og dei 17 kommunane på Nordmøre og i Romsdal.

Representantskapa i Møre og Romsdal Revisjon IKS og KomRev 3 IKS har vedtatt å slå seg saman og innstille på at Møre og Romsdal Revisjon SA blir stifta. Eigarane i føretaket vil då frå 1.1.2020 vere Møre og Romsdal fylkeskommune, 6 kommunar på Nordre Sunnmøre og 15 kommunar i Romsdal og på Nordmøre. Til saman 22 moglege eigarar.

Dersom kommunen vel å fortsette med revisjon i eigenregi, så er det Møre og Romsdal Revisjon SA som må veljast som revisor. Ein har ikkje noko alternativ revisor å velje dersom ein går for revisjon i eigenregi, då Møre og Romsdal IKS ikkje lenger vil eksistere som noko alternativ.

Revisjon i eigenregi – interkommunalt samarbeid, er den revisjonsordninga som sidan 1993 har blitt vurdert som den mest tenlege for Aukra kommune. Ei slik ordning føreset at ein har nok deltakarar til at ein kan ha ei løysing som er robust nok når det gjeld kapasitet og kompetanse. Ordninga må også kunne vere konkurransedyktig i forhold til pris. Det er viktig å vere merksam på at Møre og Romsdal Revisjon IKS først i 2019 har gått over til revisjon etter medgått tid. Vi har difor berre eit anslag og ikkje erfaringstal frå kva revisjonen vil koste i 2019. Møre og Romsdal Revisjon SA vil også ha revisjon etter medgått tid.

Ein konkurransefordel som denne ordninga har, er at ein har forvaltningsrevisjon og rekneskapsrevisjon i same selskap og kan utnytte fordelane det gjev. Denne ordninga gjev også kommunane eigarinnflyting på selskapet. Det betyr at dersom det er noko kommunen er ueinig om i forhold til drift og styring av selskapet, så har ein høve til å seie i frå om dette og få til endringar. Selskapet vil også ha god kunnskap om kommunen og kommunal revisjon. Ein veit

også i stor grad kva kvalitet ein vil få på tenestene, då det ikkje er grunn til å tru at det nye selskapet vil bli vesentleg endra frå Møre og Romsdal Revisjon IKS.

Ulempene kan være at det kan være ei dyrare ordning, særleg når det gjeld rekneskapsrevisjon. Sjølvstende i forhold til eigar kan også vere ei utfordring; ikkje juridisk fordi lovverket støttar ei slik ordning; men i praksis så kan ein møte på nokre utfordringar i forhold for tette band over tid.

2. Konkurransesetting av revisjonstenestene

Det er ingen kommunar i Møre og Romsdal som har konkurransesett revisjonstenestene, men pr. 1.6.2018 nytta 59 av landets kommunar og to fylkeskommunar seg av ein privat leverandør av revisjonstenester. For eksempel er det relativt mange kommunar i Hordaland som har konkurransesett revisjonstenestene, ca. 20 kommunar. Nokre kommunar har konkurransesett all revisjon som eit samla oppdrag, nokre har delt oppdraga i rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.

Noko eksakt tall for kostnader ved privat revisjon kan ein ikkje få av omsyn til ein mogleg konkurranse, men ved ein mindre førespurnad i 2015 så uttalte eitt av selskap at deira priser på forvaltningsrevisjon og selskapskontroll er timebasert og generelt innafør intervallet 950-1500 kr.

Ved å sjå på budsjetterte revisjonstenester i kommunar som har konkurransesett revisjonstenestene, så viser nokre eksemplar at kommunar på mellom 3000-4000 innbyggjarar, har budsjettert med ca. kr 510 000,- til revisjon inkl. forvaltningsrevisjon.

Dei private revisjonsselskapa er i det alt vesentlege store selskap med mange tilsette. Desse tilbyr tenester med høg kompetanse innan for eit breitt spekter av oppgåver.

Kort om regler for anbod

Innkjøp av revisjonstenester fell inn under reglar om offentlege innkjøp og reglar som følgjer av EØS-avtalen. Reglane set krav til kva prosedyre ein må følgje, avhengig av kor stor kontrakt det er snakk om. Etter nasjonale reglar så må ein lyse ut anbodskonkurranse når verdien på kontrakten er meir enn 1,3 mill. kr. Når verdien på kontrakten overstig 2 mil kr, så krev EØS-avtalen at anbodet må kunngjerast i heile EØS-området, noko som vil vere tilfelle for denne kontrakten.

Når en skal regne ut kor stor kontrakten er i forhold til disse reglane, så må ein sjå på alle åra kontrakten gjelder under eitt. Det inneber at en må summere opp kjøpa for dei åra som kontrakten skal gjelde (normalt 4 år). I følgje budsjettet for 2019 er det sett av kr 750 000,- til kjøp av revisjonstenester i Aukra kommune. Forutsett det same nivå i åra som kjem, så vil kontrakten ha ein total verdi på ca. 3,0 mill. kr. Dette er over terskelverdien i EØS-avtalen som gjer at kontrakten må lysast ut i heile EØS-området.

Kjøpet må då gjerast gjennom ein open anbodskonkurranse.

Reglane for offentlig anskaffingar er omfattande. Dersom kommunestyret vel å konkurransesette revisjonstenestene vil difor sekretariatet vere avhengig av å samarbeide med kompetanse på innkjøpsområdet som kommunen har tilgang til, slik at dei er med på å kvalitetssikre en prosess. Ein må også ut med ny anbodskonkurranse jamleg, ca. kvart 4. år. Det kan vere ei utfordring å utforme eit anbod som gjev dei revisjonstenestene som ein ønskjer. Korleis vektar ein til dømes pris i forhold til kvalitet?

Brynjar Gilberg ved Nord-universitet har gjennomført ei undersøking blant sekretariat og revisjonsselskap som bl.a. viser at respondentane meinte at

- det var enklare å vurdere kvalitet på forvaltningsrevisjon enn rekneskapsrevisjon
- det kan være vanskeleg å skilje tilbydarane på kvalitet når det er fleire private revisjonsfirma med forholdsvis same erfaring og bakgrunn som gjev tilbod
- Dei private revisjonsfirma som ikkje har levert inn tilbod grunngjev det bl.a. i at kvalitet ikkje eller i liten grad vart vektlagt, konkurransen er i stor grad basert på pris og lite anna. Prisene er så låg at det ikkje er mogleg å gjennomføre forsvarleg revisjon.

Fordelen med privat revisjon kan være at prisen truleg kan være noko lågare på spesielt rekneskapsrevisjon, fordi det er fleire tilbydarar i marknaden som yter slik tenester. Ein anna fordel kan vere at ein kan sette spesifikke krav til kva kompetanse ein ønskjer; som er særleg aktuelt ved forvaltningsrevisjon.

Ulempe kan vere mindre kunnskap om kommunal revisjon og lokale forhold. Det vil også koste noko å gjennomføre anbodskonkurranse.

3. Delt løysing

Det er også mogleg å velje ei revisjonsordning der ein har revisjon i eigenregi når det gjeld forvaltningsrevisjon og privat revisjon når det gjelder rekneskapsrevisjon, eller omvendt. Fleire kommunar i Sogn og Fjordane har valt ei slik løysning. Dei har rekneskapsrevisjon i eigenregi, og har konkurranseutsett forvaltningsrevisjon.

Fordelane med ei slik løysning er at ein kan velje dei ein meiner er best til rekneskapsrevisjon til det oppdraget, og det selskapet ein meiner er best til forvaltningsrevisjon til det oppdraget. Det treng ikkje vere det same selskapet. Ofte kan det nok vere viktigare med større kompetansebreidde innan forvaltningsrevisjon enn rekneskapsrevisjon. Ein anna fordel er sjølvstende; både i forhold til eigar og i forhold til at forvaltningsrevisor ikkje er i same selskap som rekneskapsrevisor. Dette kan være aktuelt om det dukkar opp ei sak der det blir stilt spørsmål til rekneskapsrevisor. For eksempel; kva har regnskapsrevisor gjort for å avdekke oppståtte mislegheiter?

Ulempene er at ein ikkje får utnytt synergiane med at rekneskaps og forvaltningsrevisorane kan samarbeide om prosjekt, slik ein kan gjere når begge er i same selskap. Mange forvaltningsrevisjonsprosjekt inneheld regnskapsmessige aspekt som rekneskapsrevisor kan ha den beste kompetansen å bidra med. Ei anna ulempe er at det er ressurskrevjande å køyre anbodskonkurransar; og her kan ein då måtte køyre to konkurransar kvar gong anbud vert lyst ut.

Val av revisor

Vurdering av dagens revisjonstenester

Aukra kommune har dei siste åra fått revisjonstenester frå Møre og Romsdal Revisjon IKS.

Det er kontrollutvalet sitt ansvar å sørge for at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Dette vert sikra blant anna gjennom at kontrollutvalet har inngått ein oppdragsavtale med Møre og Romsdal Revisjon IKS. Oppdragsavtalen sitt innhald legg rammer for revisjonen sitt arbeid. Kontrollutvalet får framlagt revisjonen sine planar, det blir rapportert undervegs i revisjonsarbeidet om løpande revisjon (interimsrapport), Kontrollutvalet vurderer også kvaliteten på dei rapportar og undersøkingar som revisjonen gjennomfører på oppdrag frå

kontrollutvalet. I desember 2018 behandla kontrollutvalet sak 35/18 Vurdering av kontrollutvalet sitt tilsynsansvar for revisjon – revisjonsåret 2017. Kontrollutvalet slutta seg til dei vurderingar som var gjort av sekretariatet. Hovudkonklusjonen: «*Ut frå den vedlagte gjennomgangen vert det vurdert at revisjonsordninga som Aukra kommune har hatt revisjonsåret 2017, har vore forsvarleg*». Sekretariatet har registrert at Møre og Romsdal IKS er i ei positiv utvikling. Det ser ut til at det er tatt grep for å utvikle arbeidsmetodikk og systematikk i revisjonsgjennomføringa. Dette har gitt seg særleg utslag i ei betring når det gjeld rapporteringsform og innhald på rapporteringa til kontrollutvalet. Dette har igjen gitt kontrollutvalet betre innsikt i revisjonen sitt arbeid. Dei merknader som kontrollutvalet har hatt knytt til revisjonen si gjennomføring, har vore knytt til kvalitet og levering av forvaltningsrevisjonsrapport.

Sekretariatet vurderer at Møre og Romsdal Revisjon IKS i liten grad har klart å utnytte den fordelten selskapet har ved å ha regnskapsrevisor og forvaltningsrevisor i same selskap. Det er å merke at kontrollutvalssekretariatet og kontrollutvalet si vurdering av revisjonskvalitet i stor grad er avgrensa til ei vurdering av formelle kvalifikasjonar, revisors rapportering, og i mindre grad sjølve revisjonsutføringa, særleg på rekneskapsrevisjon.

I det daglege så går det meste av kontakten direkte mellom revisjon og administrasjon. Sekretariatet har difor bede om tilbakemelding om korleis administrasjonen opplever kvaliteten på revisjonstenestene dei mottok i dag. Det er gjeve tilbakemelding om at rekneskapsrevisjonen dei siste åra har fått ein betra kvalitet, og at den i dag er god. Det vert jobba meir planmessig og strukturert, men enno litt rom for forbetring kring revideringa av årsrekneskapan. Når administrasjonen søker avklaring på spørsmål og problemstillingar får dei kompetente og gode svar/avklaringar. Det vert opplevd å være eit godt samarbeid mellom revisjon og administrasjon med godt rom for faglege meningsutvekslingar og drøftingar. Administrasjonen har også gjeve tilbakemelding om at pris bør være med i vurderinga av revisjonsordning.

Alle kommuner i samarbeidet er bedt om å oppgi følgende for funksjon for beredskap og forebygging:

- regnskapstall for 2018
- budsjett for 2019
- saldoverdier i balansen, med historisk kost og restverdi.
- Bygg alder og m2.

Analysen i notatet baserer seg på disse opplysningene, og det vil naturligvis være en tilnærming for å si noe om økonomien i det fremtidig IKS-et. Det har ikke vært tid til å gjøre kvalitetssikring av alle opplysninger, men det antas at det er tilstrekkelig for å gi et bilde av økonomien i det nye selskapet.

1.1 Sammenstilling av regnskap i dagens kommuner

I rapport fra arbeidsgruppa står det «Dersom det etableres felles brannvesen kan man også med stor grad av sikkerhet anta at kvaliteten vil øke uten å øke de totale kostnadene man har i dag.» Arbeidsgruppa forutsatte da at kommunene i hovedsak var riktig dimensjonert.

Det vil derfor være naturlig å legge til grunn de samlede ressurser som brann og redningstjenestene har benyttet til brann og redning i dagens kommuner som grunnlag for budsjett 2020. Det er også gjort beregninger av felleskostnader, som er utgifter som kommunene har i dag, men som ikke nødvendigvis kommer fram i regnskapet til brannvesenet.

	Aukra	Gjemnes	Nye Molde	Rauma	Sundal	Tingvoll	Totalsum
339 Beredskap	3 748	3 582	28 151	6 641	6 393	2 677	51 193
Lønn	1 699	2 615	33 035	5 413	5 271	2 280	50 312
Driftsutgifter	2 071	1 021	8 354	1 795	1 620	843	15 705
Salg av varer og tjenester	-22	-54	-13 238	-567	-498	-446	-14 825
Finans	1						1
338 Forebygging	35	369	3 670	581			4 655
Lønn		329	4 046	520			4 895
Driftsutgifter	35	37	2 457	205			2 735
Salg av varer og tjenester		3	-2 759	-144			-2 900
Finans			-75				-75
338 Forebygging Feiing							
x Felleskostnader	606	535	4 837	1 221	640	286	8 126
Tjenestekjøp, fellestjenester	142	125	677	216	209	132	1 500
kapitalkostnader inventar, kjøretøy og utstyr	232	178	2 120	455	233	77	3 294
Kapitalkostnader bygg	191	125	1 256	148	55	2	1 777
prisbok * m2 (husleie)	41	108	784	402	143	76	1 555
Totalsum	4 389	4 486	36 658	8 443	7 033	2 963	63 973

Følgende korrigeringer er gjort:

- Aukra kommune er nå korrigert ved å holde rullerende vaktlag utenfor (-1,4 mill. kroner)
- Sundal kommune lagt inn brannsjefstilling som er lønnet på annen funksjon (+0,4 mill. kroner)

Samlet ble det i 2018 benyttet ca 64 mill. kroner til brann og redningstjenesten i kommunene i samarbeidet.

2 Økt kvalitet og økte kostnader

2.1 Økte krav ved ny dimensjoneringsforskrift

Noe av begrunnelsen for å inngå i et brannvernssamarbeid er varslede endringer i dimensjoneringsforskriften. Under er tabell fra delrapporten datert 27.04.2018.

Tabell: krav til stillingsstørrelse for brannsjef, leder forebyggende og leder beredskap

Kommune	Dagens dimensjoneringskrav*				Direktoratets forslag til nye krav				Økning
	Brannsjef	Leder forebyggende	Leder beredskap	Sum	Brannsjef	Leder forebyggende	Leder beredskap	Sum	
Gjemnes	0,13	0,13	0,13	0,39	1	1	1	3	2,61
Sunndal	0,37	0,37	0,37	1,11	1	1	1	3	1,89
Tingvoll	0,15	0,15	0,15	0,45	1	1	1	3	2,55
Rauma	0,37	0,37	0,37	1,11	1	1	1	3	1,89
Neset	0,15	0,15	0,15	0,45	1	1	1	3	2,55
Aukra	0,18	0,18	0,18	0,54	1	1	1	3	2,46
Midsund	0,10	0,10	0,10	0,30	1	1	1	3	2,7
Molde	1,00	1,00	1,00	3	1	1	1	3	0
Samlet	2,45	2,45	2,45	5,35	8	8	8	24	16,65
Krav ved samarbeid	1,00	1,00	1,00	3,00	1,00	1,00	1,00	3,00	

*Tallene for stillingsstørrelse er satt med bakgrunn i innbyggertall, og minimumskrav til dimensjonering (og altså ikke nødvendigvis slik dimensjoneringen faktisk er). For Molde, Midsund, Aukra og Neset er dimensjoneringen annerledes pga allerede etablert samarbeid. Rauma har også valgt en annen dimensjonering enn den som er beskrevet som minimumskrav. Tabellen er satt opp for å kunne sammenligne differansen i stillingsprosent ved samarbeid – og ved å stå alene – samt dagens krav – og krav i forslag til ny dimensjoneringsforskrift.

Det fremgår her at alle andre kommuner en Molde vil måtte øke bemanningen til ledelse med den nye forskriften, eller være avhengig av samarbeid med andre kommuner. Forskriften er ikke vedtatt.

2.2 Økning i forhold til dagens krav

Det er kommet informasjon om at kvaliteten på brannvesenet, og dermed også kostnaden vil måtte øke fremover. Dette skyldes flere forhold

- I notat fra Alf Magne datert 13.03.2019 fremgår det at brannvesenet i dagens kommuner ikke er dimensjonert i hht «forskrift om organisering og dimensjonering brannvesenet». Det utgjør 1,1 mill. kroner, hvor nye Molde kommune står for 0,1 mill. kroner.
- Kommunene har pr. i dag utgiftsført 4,28 årsverk til forebyggende personell, krav til bemanning er dokumentert til 6,2 årsverk.
- I møtet 12. april ble det opplyst om at det var til dels store behov for investeringer i biler utstyr. I investeringsplanen som nå er laget fremgår det at nye Molde vil ha behov for ca 44% av investeringene i samarbeidet i 10-årsperioden fremover, altså vesentlig lavere enn

andelen av befolkningen skulle tilsi (57%)

Lånebeløp	Aukra	Gjemnes	Nye Molde	Rauma	Sunndal	Tingvoll	Feiing	Totalsum
2020		7 840	10 420			4 240	600	23 100
2021	1 200	4 320	976	4 320		3 680	400	14 896
2022	480	344	8 160	208			480	9 672
2023			10 264	1 824	4 320		480	16 888
2024			7 312		152		560	8 024
2025	4 640		480	4 792			560	10 472
2026			200			1 216	640	2 056
2027		560	720				640	1 920
2028	4 160	176	0				640	4 976
2029			4 440	4 960	264		720	10 384
2030			2 760			5 304	720	8 784
Totalsum	10 480	13 240	45 732	16 104	4 736	14 440	6 440	111 172
	10,0 %	12,6 %	43,7 %	15,4 %	4,5 %	13,8 %		

- Brann og redningstjenestene i kommunene i samarbeidet hadde i 2018 et merforbruk på 2,2 mill. kroner. Om en tar utgangspunkt i budsjettet til dagens brannvesen er det derfor en ubalanse som må løses. Dersom det løses ved å øke bevilgninger vil det gi utfordring ved budsjettbalanseringen i kommunene. Nye Molde utgjorde i 2018 et merforbruk på 0,9 mill.

	Mer/mindreforbruk 2018
Aukra	- 374 193
Gjemnes	?
Midsund	- 652 228
Molde	- 56 329
Neset	- 166 000
Rauma	- 401 982
Sunndal	- 140 479
Tingvoll	- 372 326
SUM	- 2 163 537

kroner, eller vel 40% av det samlede merforbruket.

Det er vanskelig å anslå hvor mye kostnadene kommer til øke som følge av de overnevnte forhold, men i den videre analysen legges det til grunn en økning på 4,0 mill. kroner økning fra regnskap 2018.

2.3 Ulike fordelingsmodeller

Om en tar utgangspunkt i at utgiftene til brann og redning vil måtte øke med 4 mill. kroner vil det gi følgende effekter med de ulike fordelingsmodellene

Med nye kommuner (eksl. Hustadvika)	Aukra	Gjemnes	Nye Molde	Rauma	Sunndal	Tingvoll	absolutt avvik
Regnskap 2018	4 389	4 486	36 658	8 443	7 033	2 963	67 973
Endring ved folketall	-78	-1 269	2 298	678	1 624	746	6 693
Endring ved 90/10	624	-458	-465	899	1 891	1 508	5 845
Endring ved 85/15	975	-52	-1 846	1 009	2 025	1 889	7 796
Endring ved 80/20	1 326	353	-3 227	1 120	2 159	2 270	10 455
Endring ved 70/30	2 028	1 164	-5 990	1 340	2 426	3 032	15 980
Endring etter Agdenes modellen	92	-957	556	975	1 976	1 358	5 913

Positive tall er økning, og negative tall er reduksjon. De grønne feltene er den fordelingsmodellen som gir minst endringer fra dagens ressursbruk i den enkelte kommune.

3 Økonomiske konsekvenser for Molde kommune

De tre kommunene som fra 2020 utgjør Molde kommune brukte i 2018 anslagsvis 36,7 mill. kroner på brann og redningstjenesten. Dette inkluderer kapitalkostnader, andel av fellestjenester, husleie m.m. og er derfor sammenlignbart med det Molde kommune kommer til å bidra inn med i det nye IKS.

Ut fra informasjon som er kommet frem vil en måtte gå utfra at kostnadene i det nye selskapet vil øke. Ved en økning på 4 mill. kroner vil det gi følgende kostnader for nye Molde kommune.

	Nye Molde kommune
Regnskap 2018	36 658
Fordeling etter folketall	38 956
Fordeling etter 90/10	36 193
Fordeling etter 85/15	34 812
Fordeling etter 80/20	33 431
Fordeling etter Agdenes modellen	37 214

Ved fordeling etter folketall vil nye Molde kommune måtte betale 2,3 mill. kroner av en økning på 4 mill. kroner (57%). Denne økningen i kostnader skyldes i liten grad forhold i nye Molde kommune, og kommer derfor i liten grad nye Molde kommune til gode.

Investeringsplan og økonomiske konsekvenser

26.4.2019

1 Investeringsplan

Det er laget utskiftingsplan for biler og utstyr i samarbeidet. Plassering per kommune er utfra at utstyret som har nådd alder for utskifting er plassert på denne stasjonen i dag. Det betyr ikke at det nye utstyret vil bli stående på den konkrete lokasjonen.

For tidspunkt for utskifting er følgende levetider lagt til grunn:

Mannskapsbil	20
Høyrerredskap	20
Spesialbiler	10
Tankbiler	20
Lederbil	10
Administrasjons, feier- og forebygge	10
Hengerpumper	20
Frigjøringsutstyr	20

Avskrivningstider er satt i forhold til regnskapsforskriften, og alle summer er i hele tusen eks. mva.

1.1 Lånebeløp per kommune og år

Lånebeløp	Aukra	Gjemnes	Midsund	Molde	Neset	Rauma	Sunddal	Tingvoll	Feiing	Totalsum
2020		7 840		6 820	3 600			4 240	600	23 100
2021	1 200	4 320		976		4 320		3 680	400	14 896
2022	480	344	4 880	2 000	1 280	208			480	9 672
2023			3 760	6 504		1 824	4 320		480	16 888
2024			1 440	752	5 120		152		560	8 024
2025	4 640				480	4 792			560	10 472
2026				200				1 216	640	2 056
2027		560			720				640	1 920
2028	4 160	176							640	4 976
2029				4 440		4 960	264		720	10 384
2030				2 760				5 304	720	8 784
Totalsum	10 480	13 240	10 080	24 452	11 200	16 104	4 736	14 440	6 440	111 172
Andel	10,0%	12,6%	9,6%	23,3%	10,7%	15,4%	4,5%	13,8%		

1.2 Lånebeløp per år og type utstyr

Lånebeløp	Admin personbil	Admin varebil	Frigjørings utstyr	Lederbil	Mannskapsbil	Pumper	Spesialbil	Tankbil	Feiebil	Totalsum
2020	1 100	200		160	8 480		1 760	10 800	600	23 100
2021	520		200		8 640	256	1 200	3 680	400	14 896
2022			416	960	4 400	136	3 280		480	9 672
2023	200			560	4 480	288	3 360	7 520	480	16 888
2024	600			560	4 560	304	1 440		560	8 024
2025			232	640	4 640		480	3 920	560	10 472
2026	200		240	640		336			640	2 056
2027				720			560		640	1 920
2028						176		4 160	640	4 976
2029	200		264		4 960			4 240	720	10 384
2030	600	240	264		5 040		1 920		720	8 784
Totalsum	3 420	440	1 616	4 240	45 200	1 496	14 000	34 320	6 440	111 172

2 Økonomiske konsekvenser

Samlet gir det følgende utvikling i kapitalkostnader og lånegjeld knyttet til kjøretøy og utstyr.


	Gjeld IB	Nye investeringer	Avdrag gamle	Avdrag nye	Renter (3%)	Samlet kapitalkostnad
2019	25 910	7 000	3 911		777	4 688
2020	28 999	23 100	3 911	467	870	5 248
2021	47 722	14 896	3 848	1 813	1 432	7 092
2022	56 957	9 672	3 713	2 686	1 709	8 108
2023	60 230	16 888	3 644	3 433	1 807	8 884
2024	70 041	8 024	3 414	4 522	2 101	10 038
2025	70 128	10 472	3 087	5 097	2 104	10 287
2026	72 416	2 056	2 811	5 716	2 172	10 700
2027	65 945	1 920	2 605	5 921	1 978	10 505
2028	59 339	4 976	2 443	6 113	1 780	10 336
2029	55 759	10 384	2 193	6 403	1 673	10 269
2030	57 547	8 784	1 975	6 981	1 726	10 683

«Avdrag gamle» er avdrag knyttet til utstyret som selskapet kjøper fra kommunene, og «avdrag nye» er avdrag knyttet til nytt utstyr i investeringsplanen over. Renten er i dette eksemplet satt til 3% i hele perioden. Det er ikke hensyntatt salgsinntekter fra utrangert utstyr.

Lånene må avdras over levetiden til utstyret og er satt til 10 eller 20 år på det ulike utstyret. I de fleste kommuner vil bygningsmassen utgjøre den største andelen av lånegjelden, dette har en vesentlig lengre levetid. Avdragskostnaden i selskapet vil derfor bli tilsvarende høy i forhold til lånegjelden.

Ut fra disse opplysningene skal en låneramme på 100 mill. kroner være tilstrekkelig låneramme.

I tillegg til at det er usikkerhet i hvordan den faktiske investeringsplanen vil bli er det heller ikke kjent hvilke investeringer som skjer i 2019. I tabellen over er det lagt inn 7 mill. kroner som et anslag.

	Aukra kommune	Arkivsak: 2019/429-3
		Arkiv: F03
		Saksbeh: Jan Erik Hovdenak
		Dato: 10.05.2019

Saksframlegg

Utv.saknr.:	Utval:	Møtedato:
23/19	Livsløpsutvalet	28.05.2019
47/19	Formannskapet	03.06.2019
22/19	Ungdomsrådet	20.06.2019
20/19	Eldrerådet	12.06.2019
21/19	Rådet for likestilling av funksjonshemma	12.06.2019
41/19	Kommunestyret	18.06.2019

Plan for psykisk helse og rus 2019 - 2022

Rådmannen si tilråding:

Aukra kommunestyre godkjenner Plan for psykisk helse og rus 2019 – 2022.

Saksprotokoll i Livsløpsutvalet - 28.05.2019

Behandling

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt

Uttale frå livsløpsutvalet

Som tilrådinga frå rådmannen.

Saksprotokoll i Formannskapet - 03.06.2019

Behandling

Samrøystes som tilrådinga frå rådmannen

Innstilling frå formannskapet:

Som tilrådinga frå rådmannen

Saksprotokoll i Rådet for likestilling av funksjonshemma - 12.06.2019

Behandling

Vedtak

Vedlegg

- 1 Plan for psykisk helse og rus 2019 - 2022
- 2 Uttale frå barn og unge sin representant

Særutskrift:

Bakgrunn:

Dette er første gongen i Aukra kommune kor rusfeltet og psykisk helse er samla i ei og same plan. Kommunestyret vedtok den 18.10.2012 Rusmiddelpolitisk handlingsplan for åra 2012-2015. Den 25.4.2007 vart Psykiatriplan for Aukra kommune 2007-2010 vedteken av kommunestyret.

Rusutfordringar og psykisk helse heng ofte tett sama. Rådmannen ser det difor som naturleg – og på høg tid – at kommunen sitt planverk gjenspeglar denne samanhengen. Gjennom samhandlingsreformen er det òg slik at kommunen sitt ansvar for rus og psykisk helse gradvis har blitt større.

Planen som no ligg føre for politisk behandling er bearbeidd av rådmannen etter at interne uttalar har kome inn.

Høyringsuttalen til barn og unge sin representant ligg ved.

Utgreiing:

Etter helse- og omsorgstjenesteloven skal kommunen sørge for at personar som oppheld seg i kommunen vert tilbydd nødvendige helse- og omsorgstenester. Det gjeld òg psykisk helse og rus.

Regjeringa seier at tilboda primært skal byggast opp i og bli tilbudt i nærmiljøet – kommunane. Spesialisthelsetenesta skal støtte opp om arbeidet i kommunane og gje tilbud om utgreiing og behandling av meir alvorlege tilstandar.

Administrative konsekvensar:

Prioritering av arbeid med psykisk helse og rus krev planlegging og ressursar i alle einingar.

Folkehelsekonsekvensar:

Målet er at meir systematisk jobbing med psykisk helse og rusførebygging vil bidra til innbyggjarane si folkehelse på ein positiv måte. Ikkje minst gjeld det om vi lukkast med å setje inn førebyggande tiltak på individ- og gruppenivå - tidleg innsats skal vere tankesette.

Økonomiske konsekvensar:

Plan for psykisk helse og rus 2019 – 2022 har ingen direkte økonomiske konsekvensar. Eventuelle tiltak som følgjer av planen med økonomiske konsekvensar ut over ramme vil bli løfta i eigne saker.

Ingrid Husøy Rimstad
Rådmann

Jan Erik Hovdenak
Kommunalsjef



PLAN FOR PSYKISK HELSE OG RUS 2019- 2022

ePhorte: 19/428-1

Vedteke i: (utval) (PSnr.)/(år) + dato

Innhald

1.0 Innleiing.....	4
2.0 Utfordringsbilete.....	5
3.0 Heilskaplege tenester og kompetanse innan rus og psykisk helse.....	6
3.1 Sentrale føringar.....	6
3.2 Regionale føringar	7
4.0 Definisjonar og omgrep.....	7
5.0 Nøkkeltal og førekomst i Aukra kommune.....	9
5.1 Ungdataundersøkinga	10
5.2 Brukarplanundersøking psykiske lidningar.....	10
5.3 Brukarplanundersøking – rus	10
6.0 Systematisk tverrfagleg samarbeid	11
6.1 Førskoleteam.....	11
6.2 Skoleteam/helseteam	11
6.3 Klinisk tverrfagleg team.....	11
6.4 Psykososialt kriseteam	12
7.0 Førebygging –kva gjer vi i dag?.....	12
7.1 Verktøy og metode i helsestasjon, barnehage og skole.....	12
7.2 Ungdomsråd	12
7.3 MOT	12
7.4 Kultur- og fritidstilbod	13
7.5 Folkehelse og friskliv	13
7.6 SLT-arbeid (Samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak)	13
8.0 Tenester til menneske med psykisk helse- og rusutfordringar i Aukra kommune.....	13
8.1 Tenester til barn, unge og familiar	14
8.2 Teneste psykisk helse og rus – vaksne	16
8.2.1 Individuell oppfølging.....	16
8.2.2 Gruppetilbod - dagsenter	17
8.2.3 Samtalegruppe	17
9.0 Særskilte utfordringar.....	17
9.1 Bustadsosialt arbeid	17
9.2 Utfordringar med helse sett i lys av arbeid og økonomi.....	18
9.3 Rusvanar hos eldre.....	18
9.4 Psykisk helse hos barn og unge	18
9.5 Psykisk helse hos flyktingar og innvandrarakar	19
10.0 Mål og plan for handling	19
10.1 Samfunnsnivå	19

10.2 Organisatorisk nivå.....	19
10.3 Brukar/ pasientnivå	19
10.4 Tiltaksdel	20
Hovudmål 1: Møteplassar	20
Hovudmål 2: Kompetanse, samarbeid og medverknad	20
Hovudmål 3: Barn og unge	21
Hovudmål 4: Bustad og levekår.....	21
Hovudmål 5: Aktivitet og arbeid	21
Hovudmål 6: Alkohol og medikamentbruk blant eldre	22
Hovudmål 7: Flyktningar og innvandrarar	23

1.0 Innleiing

Det er ei nasjonal målsetting å styrke psykisk helsearbeid og rusomsorga i kommunane. Gjennom Samhandlingsreforma, Lov om Folkehelse, Meld. St. 30 (2011-2012) «Sjå meg – ein heilskapleg rusmiddelpolitikk» og IS-2076 «*Sammen om mestring*» set regjeringa søkjelyset på å skape heilskaplege tenester gjennom helsefremjande arbeid, tidleg intervensjon og tettare oppfølging av psykisk sjuke og/eller rusavhengige.

Førekost av psykiske lidningar i Norge er omlag på nivå med andre vestlege land. Det er viktig at fleire får rask psykisk helsehjelp. Tidleg innsats og helsefremjande arbeid viser seg å ha stor samfunnsøkonomisk gevinst.

Bakgrunn for arbeidet med planen starta heilt tilbake i 2013 med oppnemning av styringsgruppe rus og psykisk helse. Arbeid på systemnivå med etablering av samarbeid og samhandling på tvers er grunnlag for planarbeidet. Mandatet til gruppa var å leggje til rette for rullering av ny rusmiddelpolitisk handlingsplan og inkludere psykiatriplanen, slik at Aukra kommune får ein felles plan for psykisk helse og rus.

Arbeidsgruppa har hatt fleire deltakarar opp gjennom åra. Desse har vore deltakande i utarbeiding av planen frå starten: Jorunn Hurlen (leiar styringsgruppe/einingsleiar heimetenester), Astrid Moen Thomassen (Rådet for likestilling av funksjonshemma) Tove Charlotte Æsøy (folkehelsekoordinator/ sekretær) Inger Helen Iversen (NAV / vernepleiar), Odd Jørgen Nilssen (politiet), Sissel Garseth (einingsleiar Barnebo), Lene Marita Ræstad (ungdomsarbeidar), Heidi Falkhytten (einingsleiar Gossen barne- og ungdomsskole), Marit Tollefsen (psykiatrisk sjukepleiar), Camilla Hjellset Orø (helsesøster) og Gunn Risan Nakken (barnevern).

Desse var nye i gruppa i 2017 då det vart gjort ei omorganisering: Nina Tomren (ny leiar for styringsgruppa/einingsleiar heimetenester 2018), Marit K. Thorsen (psykiatrisk sjukepleiar), Jane M. Oterhals (vernepleiar eining for innvandring og integrering), Eva Karin Jacobsen (Julsundet skole/vernepleiar), Tonje Vikhagen (helsesøster), Heidi M. Ilestad (Barnebo barnehage/pedagogisk leiar).

2.0 Utfordringsbilete

Dei siste åra har helsetilstanden til befolkninga vorte betre. Levealderen i Norge er høg, og i fjor var Aukra kommune den kommunen i landet med høgst levealder hos innbyggjarane. Mange av dei yngste i befolkninga har fått ein betre livsstil, fordi dei røyker og drikk mindre alkohol, og er aktive med trening. Men det gjeld ikkje alle. Jamfør undersøkingar Folkehelseinstituttet har utført, har cirka ein tredel av vaksne ei psykisk liding i løpet av eit år, medan 8 % av barn og unge til ei kvar tid har ei psykisk liding. Undersøkingar viser at angstlidingar, depresjonar og åtferdsvanskar er dei vanlegaste lidingane hos barn, unge og vaksne (Folkehelseinstituttet, 2018). Dei to områda som det er knytt størst utfordringar til er sosiale skilnader i helse og psykisk helse. Dei med dårleg økonomi har dårlegast helse, og det er ein klar gradient som stig jamt med betre utdanning og økonomi. Det som er ei særleg utfordring er at dei som slit med psykisk helse og rus ofte har dårleg økonomi, og i tillegg slit med fysiske helseplagar.

Psykisk liding er utbreidd i befolkninga. Spesielt depresjon og angstlidingar er mellom dei største utfordringane for folkehelsa. Det er vanleg at psykisk sjukdom får konsekvensar på fleire område i livet, som familiesituasjon, arbeid/aktivitet, økonomi, sosialt nettverk og fysisk helsetilstand. Ungdata frå 2018 i Aukra kommune viser at fleire yngre melder om einsemd. Både i Aukra og i landet er det fleire unge jenter som rapporterer at livet er eit slit med bekymringar og søvnproblem.

Aukra kommune har dei siste åra fått nye innbyggjarar med erfaringar som gjer at dei kan slite med utfordringar knytt til psykisk helse og rus.

Tal frå brukarundersøkingar og nasjonale tal viser at Aukra er som landet elles, men storleiken på kommunen gir utfordringar med å yte like variert tenestetilbod som i større kommunar. Fagpersonane må ivareta fleire oppgåver og tenestetilbod som krev brei kompetanse. Systematisk utvikling av tverrfaglege team kan vere med å styrke kompetanse og kontinuitet i tenestene til det beste for innbyggjarane i Aukra kommune.

Sidan 2015 har Aukra kommune nytta brukarplan som verktøy. Brukarplan er ei årleg kartlegging som til no vert utført av NAV, eining heimetenester og barnevern. Målet

er å få med fleire einingar, slik at ein får ei breiare kartlegging av utfordringane i kommunen.

3.0 Heilskaplege tenester og kompetanse innan rus og psykisk helse

3.1 Sentrale føringar

Helse og omsorgstenestelova (2011) er styrande for kommunen sine tenester innan rus og psykisk helse. «*Kommunen sitt ansvar omfatter alle pasient- og brukargrupper, herunder personer med somatisk eller psykisk sykdom, skade eller lidelse, rusmiddelproblem, sosiale problemer eller nedsatt funksjonsevne.*» (HOL §3-1 2011)

Folkehelselova (2012) og Samhandlingsreforma (2008-2009) set nye krav til kommunane om samhandling på tvers av einingar og fagområde.

FNs barnekonvensjon er eit særst viktig dokument som går framom mange andre lover og gjeld for barn i alle land. Hovudprinsippet er at barnets beste skal komme først i alle situasjonar (Barnekonvensjonen, 1989).

Rammeplanen for barnehage var ny i 2017, og er ei forskrift til Barnehagelova.

Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon som bidreg til å utjamne sosiale forskjellar. Barnas fysiske og psykiske helse skal fremjast i barnehagen (Rammeplan for barnehagar, 2017).

Forskrift om kommunens helsefremjande og førebyggjande arbeid i helsestasjon- og skolehelsetenesta. Formålet med forskrifta er mellom anna å fremje fysisk og psykisk helse.

Opplæringslova Kapittel 9a omhandlar elevane sitt læringsmiljø. Skolen skal fremje helse, trivsel og læring for alle elevar i grunnskole og vidaregåande skole. (Opplæringslova, 1998).

Opptappingsplan for psykisk helse 1999-2008. Brukarmedverknad er eit sentralt tema i planen, og målet er at tenestemottakar og pårørande skal ha reell

påverknad på utforming og tilpassing av tenester.

Opptappingsplan for rusfeltet 2016-2020 (Prop. 15 S) er regjeringas anbefaling av primærførebyggjande innsats i kommunane der det vert lagt vekt på tilbod i nærmiljøet når det gjeld oppfølging, behandling, arbeid og aktivitet. Planen har fokus på viktigheita av samarbeid mellom 1. og 2. linjeteneste, samt ulike einingar i kommunen. Dette for å få til gode overgangar for å unngå opphald i tenesteytinga, då dette ofte er kritiske punkt i oppfølginga.

«Mestre hele livet» er Regjeringas strategi for god psykisk helse (2017-2022). Det er den første strategien som tek føre seg heile det psykisk helsefeltet, frå folkehelse til behandling og rehabilitering. Planen tek føre seg alle aldersgrupper; barn, unge, vaksne og eldre. Eit viktig mål er at psykisk helse skal vere ein likeverdig del av folkehelsearbeidet.

3.2 Regionale føringar

Det er gjort avtale om samhandling (Samhandlingsreformen) mellom kommunar i Møre og Romsdal og Helse Møre og Romsdal HF (2015). Samhandlingsstrategien handlar òg om oppfølging og rehabilitering av pasientar med rus- og psykiske helseplager.

4.0 Definisjonar og omgrep

Psykisk velvære er normale variasjonar i humør og meistring. Psykisk velvære handlar om oppleving av å verte møtt med forståing og empati, få tilfredsheitsfølelse, ha moglegheit til bruk av eigne ressursar, realisering av eigne moglegheiter og meistring av utfordringar ein står ovanfor. Det handlar òg om oppleving av tryggleik og kontroll i eige liv, ha gode sosiale ferdigheiter som igjen er med på å sikre gode sosiale relasjonar og oppleving av meining og samanheng i eige liv (Berg, 2012).

Psykiske plagar og sjukdomar: Felles for psykiske plagar og sjukdomar er at dei påverkar tankar, følelsar og veremåte. Det er vanleg at psykisk liding har konsekvensar på fleire område i livet som familiesituasjon, arbeid/skole/aktivitet, økonomi, sosialt nettverk og fysisk helsetilstand.

Psykiske plagar er plagar som mange opplever i periodar i livet. Dei vanlegaste

plagene er søvnevanskar, vanskar med å ete, lettare angst og følelse av meiningsløyse. Tyngande plagar kan alle menneske oppleve i periodar, men dei er ikkje så alvorlege at dei blir rekna som psykisk lidning. Ein tilstand som dette over tid kan utvikle seg til psykisk lidning, om ikkje tiltak vert sett inn for å redusere symptombelastninga tidleg (Berg, 2012).

Rusmiddelmissbruk er repeterande eller kontinuerleg bruk av rusmiddel som kan føre til utfordringar og problem i arbeids-, skole- og familielivet. Likeins mellom-menneskelege eller sosiale problem, som fører til farlege situasjonar eller lovbrøt, og gjer det vanskeleg å ivareta daglege oppgåver. Rusmiddelmissbruk kan føre til rusmiddelavhengigheit som igjen fører til auka utfordringar med å styre kvardagen og oppretthalde evna til å bu.

Rus- og psykiske lidningar (ROP) er rusmiddelbruk/rusavhengigheit, og samtidig psykisk sjukdom. ROP gjeld personar som har medisinske diagnosar frå begge fagområda. Personar i kategorien ROP er ekstra sårbare og kan ha utfordringar som verkar inn på eigenpleie, naboskap og samhandling. I tillegg vil fleire område i livet som familiesituasjon, arbeid/skole/aktivitet, økonomi, sosialt nettverk, fysisk helsetilstand og evna til å bu verte påverka.

Bustadsosialt arbeid er arbeid med å hjelpe personar som manglar husvære på bustadmarknaden.

Rusarbeid i kommunen

- Førebyggjande rusarbeid er langsiktige og systematiske tiltak forankra i nasjonale strategiar, kartleggingar og metodar.
- Kommunane har fått auka ansvar for bustad og tenester til innbyggjarar med rusmiddelproblem.
- Nasjonale handlingsplanar legg vekt på kortare opphald i behandlingsinstitusjon/spesialisthelseteneste.
- Auka kommunal innsats med godt tilrettelagd bu- og tenestetilbod skal førebyggje tilbakefall og hindre nye opphald.

Psykisk helsearbeid i kommunen

- Omfattar tiltak retta mot menneske med psykiske sjukdomar/lidingar og konsekvensane hos den einskilde, familiane deira og nettverket.
- Omfattar arbeid på systemnivå som førebygging av psykiske lidingar, opplysningsarbeid og anna arbeid som motverkar stigmatisering og diskriminering.
- Det sentrale i psykisk helsearbeid er å skape gode relasjonar til personar som får teneste. Ein god relasjon er ein føresetnad for å hjelpe menneske med psykiske helseutfordringar til å sjå nye moglegheiter som kan skape endringar.
- Fagleg kompetanse, tverrfagleg samhandling, langsiktig arbeid og kontinuitet er suksessfaktorar i det kommunale arbeidet.

Lågterskeltilbod inneber at ein kan nytte teneste utan å få enkeltvedtak. Tenesta er gratis.

Brukarplan

- Verktøy for kartlegging av personar med utfordringar innan rusmiddelbruk og/eller psykisk sjukdom som er registrert med tenester i kommunen
- Kartlegging av lokale tilhøve og identifisering av manglar i tilbod om bustad, tenester, arbeid og aktivitet

Ungdata

- Verktøy for å kartlegge ungdomane sin oppvekst i heim, fritid og skole. Undersøkinga er landsomfattande og alle kommunar får tilbod om å delta.

5.0 Nøkkeltal og førekomst i Aukra kommune

Psykisk helse- og rusituasjonen i Aukra kommune er på line med andre kommunar i landet. Kartleggingane gjev ei oversikt over behov og på kva område vi kan samarbeide på tvers av einingar for å utvikle tenestene våre.

5.1 Ungdataundersøkinga

Ungdataundersøkinga har vore gjennomført på ungdomstrinnet i Aukra kommune i 2014 og i 2017. Svarprosenten har vore på over 90 begge gongane. Ungdata vert brukt av dei fleste kommunane i landet som eit av fleire kunnskapsgrunnlag for å utvikle lokal oppvekstpolitikk og for å betre dei unge si folkehelse.

Kartlegginga viser at 87 % av ungdommane seier at dei har ein fortruleg ven, men at dei fysisk er mindre saman enn tidlegare. Trenden er at dei brukar mindre tid saman, men har meir kontakt på sosiale media. Skjermtida er aukande hos ungdommen. Av dei spurde rapporterer 15 % om depressive symptom og 23 % om einsemd. Det er langt fleire jenter som slit, og det er ei auke frå 8. til 10. trinn. 61 % er nøgd med helsa si, noko som er under landssnittet.

Når det gjeld tobakk og rus er det svært gode tal for ungdommar i Aukra. Berre 2 % røykjer eller snusar dagleg. 13 % har vore rusa på alkohol siste året. Det ser ut til at det er i 10. klasse at nokre ungdommar prøvar rus. Rusmiddel som hasj og marihuana er det svært få som har prøvd.

7 % av ungdommane opplever at dei føler seg mobba minst kvar 14. dag. 5-9 % seier dei har opplevd vald eller trugslar om vald. Dei fleste er nøgde med foreldra sine og lokalmiljøet, og 56 % er nøgde med skolen sin.

5.2 Brukarplanundersøking psykiske lidningar

Undersøkingar utført for Aukra kommune i dei tenestene som vart kartlagt (Brukarplan 2018), viser at det til ei kvar tid er mellom 20 og 30 barn som lever med minst ein føresettt med psykisk liding/sjukdom.

Førekost av psykiske lidningar utan utfordringar med rus er det flest kvinner som er råka av. For denne gruppa ser levekåra ut til å vere betre samanlikna med levekåra til dei som slit med rusavhengigheit, sjølv om dei ikkje er i arbeid.

Når det gjeld alder er det avdekka i tenestene som var med i kartlegginga at gruppa mellom 30 og 50 år, samt 60-69 år, er dei som slit mest med psykiske lidningar.

Brukarplanundersøkinga omfattar ikkje personar under 18 år.

5.3 Brukarplanundersøking – rus

Brukarplankartlegginga for 2018 i dei tre tenestene som vart kartlagt, viser at det er

nokre barn som lever med minst ein føresettt som har utfordringar med rus. Det er flest menn som slit med rus, og alkohol er det rusmiddelet som vert mest nytta. I gruppa som slit med rus ser ein at det er aldersgruppa 30-50 år og gruppa over 70 år som peikar seg ut.

6.0 Systematisk tverrfagleg samarbeid

Ei av hensiktene med tverrfagleg samarbeid er å sikre likeverdige tenester i kommunen. Ein har ulike tverrfaglege team i kommunen: førskoleteam, skoleteam og klinisk tverrfagleg team. Desse teama samlar aktuelle samarbeidspartar rundt barnet/tenestemottakaren for å kunne gje ei individuell tilpassa teneste til rett tid. Dei ulike teama arbeider på system- og individnivå. Dette for å skape heilskaplege tenester gjennom å utnytte kunnskap og erfaringar på tvers av forskjellige kompetansar. Dei ulike teama har faste møte gjennom året.

Psykososialt kriseteam er eit anna type samarbeid som er oppretta for å handtere akutte eller alvorlege hendingar.

6.1 Førskoleteam

Førskoleteam består av representantar frå barnevern, PPT, helsesøster, barnehage og eventuelt foreldre. Barnevern har koordinatorrolle og kallar inn til møte tre-fire gongar i halvåret, og ein vekslar mellom å ha møte enten på Julsundet eller på Gossen. Saker vert drøfta anonymt eller ope, dersom samtykkeerklæring ligg føre.

6.2 Skoleteam/helseteam

Kommunen sine to skolar har kvart sitt helseteam. Teamet består av barnevern, PPT, helsesøster, rektor/inspektør, vernepleiar og lærarar. Saker vert meldt inn til rektor, og drøfta anonymt i teamet eller ope dersom samtykkeerklæring ligg føre. Dette teamet har møte tre gongar i halvåret. Om saker ikkje er meldt inn på førehand, skal representantane likevel møtast for å drøfte case.

6.3 Klinisk tverrfagleg team

Klinisk Tverrfagleg Team (KTT) er eit tverrfagleg fora der ein tek opp saker på system-, individ- og/eller tenestenivå. Teamet har ein representant frå NAV, tilsette frå psykisk helse og rus og tilsette ved dagsenteret. Einingsleiar i heimetenesta er leiar for teamet.

6.4 Psykososialt kriseteam

Kriseteamet i kommunen har som oppgåve å sørge for at innbyggjarane i kommunen ved akutte og alvorlege kriser skal få hjelp så raskt som mogleg. Arbeidet er forankra i lovverk og eigen plan for kommunalt kriseteam. Målet er å redusere psykososiale skadeverknader av alvorlege hendingar, og førebygge utvikling av kronisk psykiske lidingar hos barn, unge og vaksne. Kriseteamet består av fagpersonar som prest, lege, helsesøster og psykiatrisk sjuke- og vernepleiar. Dette teamet følger opp akutte saker. Dei har faste møte for å planlegge korleis dei kan møte kritiske situasjonar og alvorlege hendingar.

7.0 Førebygging –kva gjer vi i dag?

7.1 Verktøy og metode i helsestasjon, barnehage og skole

Helsestasjon, barnehage og skole har teke i bruk ulike metodiske verktøy for å førebyggje og støtte barn og foreldre/føresette med deira utfordringar som samtale med helsesøster, foreldrereettleiing, samtalegrupper, barnehage- og skoleprogram m.m. Av metodiske verktøy har ein til dømes; «Psykologisk førstehjelpsskrin», «Teite foreldre» og «Tidleg intervensjon». Dei ulike programma vert lagt som faste aktivitetar i eit årshjul. I kapittel 8.1 Teneste til barn, unge og familiar kan de lese meir utfyllande om arbeid med barn og unge.

7.2 Ungdomsråd

Aukra kommune har ungdomsråd. Ungdomsråd er eit offentleg organ der ungdommar er med på å vedta og bli orientert om kommunale saker som vedkjem ungdom. Det er 7 medlemmar og 5 varamedlemmar i rådet. Dei er vald for eitt år. Begge skolane i kommunen har elevråd.

7.3 MOT

Aukra kommune har i mange år hatt MOT som systematisk verktøy og sentral aktør i det førebyggjande rusarbeidet. MOT er ein haldningsskapande organisasjon som arbeider for og med ungdom, og har som mål å bidra til robuste ungdommar og trygge ungdomsmiljø.

7.4 Kultur- og fritidstilbod

Aukra kommune har eit variert fritidstilbod med mange lag og organisasjonar til tross for at det er ein liten kommune. Det finst tilbod både innan song, musikk, idrett og andre kulturområde. Breidda i type idrettsaktivitetar er stor, men samtidig strevar små idrettar med å få nok medlemmar.

Ungdommane har rusfrie møteplassar som ungdomsklubb (frivillig arrangør) og «Open kveld» (kommunalt tilbod) om lag 1 gong pr. veke på Gossen. I Julsundet er det 9. klasse som er ansvarleg for ungdomsklubben. «Etter skoletid» er eit nytt tilbod der ungdommen kan møtast etter skolen ein dag i veka med ein vaksen til stade.

7.5 Folkehelse og friskliv

Aukra kommune har folkehelse som gjennomgåande tema i kommuneplanen sin samfunnsdel, og har hatt tilsett folkehelsekoordinator i 100 % stilling i fleire år. Folkehelsearbeidet skal vere fokusområde i alle sektorar og det er ei utfordring å få dette arbeidet systematisert. Kommunen har mange tiltak innan fysisk aktivitet og kosthald. Frisklivssentralen har vore i gang i nokre år og har tilbod om helsesamtalar, «Bra mat»-kurs og treningsretteiing.

7.6 SLT-arbeid (Samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak)

Aukra kommune fekk SLT-koordinator i 2018 og er godt i gang med organisering av SLT-modellen i kommunen. Det er mange aktørar i kommunen som legg ned ein stor innsats for å gje barn og unge betre oppvekstvilkår. SLT-arbeid handlar om å gjera innsatsen meir effektiv ved å samordne dei gode kreftene i kommunen. SLT har ei fast organisering i alle kommunar. Det styrande nivået er politirådet i kommunen. Det koordinerande nivået er ei breitt samansett gruppe frå mange einingar og interkommunale tenester. Det utøvande nivået er alle som arbeider med barn og unge.

8.0 Tenester til menneske med psykisk helse- og rusutfordringar i Aukra kommune

Etter innføringa av samhandlingsreforma fekk kommunane eit større ansvar for

oppfølging av personar med psykiske utfordringar og/eller utfordringar med rus. Nasjonale handlingsplanar legg vekt på kortare opphald i behandlingstilbod/spesialisthelseteneste. Dette fører til fleire brukarar, og brukarar med større utfordringar i kommunane. Auka kommunal innsats med godt tilrettelagd bu- og tenestetilbod skal førebyggje tilbakefall og hindre nye opphald. Arbeidet omfattar òg samarbeid med andre instansar og familiarane deira.

Det sentrale i psykisk helsearbeid er å skape gode relasjonar til personar som får tenester. Ein god relasjon er ein føresetnad for å hjelpe menneske til å sjå nye moglegheiter som kan skape endringar. Kva som er viktig for den einskilde og kva kan den einskilde sjølv utføre/endre for å nå måla, er sentralt i arbeidet med meistring på individuelt grunnlag (hjelp til sjølvhjelp).

Fagleg kompetanse, tverrfagleg samhandling, langsiktig arbeid og kontinuitet er suksessfaktorar i det kommunale arbeidet.

8.1 Tenester til barn, unge og familiar

Barns rett til ein trygg oppvekst er ein grunnleggande rettighet i FN sin barnekonvensjon. Ein trygg oppvekst for barn og unge i vår kommune bidreg til å skape ein god og robust psykisk helse som er med på å påverke til at færre barn og unge kjem i risikosituasjonar for utvikling av psykiske plagar og lidningar. Foreldre er barn og unge sine viktigaste omsorgspersonar og støttespelarar. Eit godt foreldreskap er ein grunnleggande faktor for å fremje god psykisk helse hos barn og unge. Jordmor, helsestasjon, barnehagar, skole og SFO er andre viktige instansar i barna sine liv. I Aukra skal barnehagen og skolen tilby eit omsorgs- og læringsmiljø som er til barna sitt beste og som bidreg til å fremje livsmeistring og psykisk velvære. Dette omfattar òg det psykososiale miljøet, inkludert vennskap, trygge vaksne, og førebygging av sosial utestenging, krenkingar og mobbing. Ein skal òg legge vekt på barn si deltaking og medverknad.

Satsing på barn og unge er ei god investering i framtida, og er viktig for trivsel, etablering og samfunnsutvikling generelt. Dei som jobbar kring barn og unge i Aukra kommune skal ha ein grunnleggjande og felles forståing av kva barn, unge og familiar treng for ei helsefremjande utvikling. Dei skal òg ha kjennskap til rutinar og

prosedyrar på eigen arbeidsstad og resten av tenestetilbodet, og ha ei forståing for eiga rolle i arbeidet med å oppdage, gripe inn og handle med bakgrunn i ei bekymring.

Helsestasjonen er ansvarleg for drifta av kommunen sin helsestasjon og skolehelseteneste, og tenesta er retta mot barn og ungdom frå 0-20 år. Helsestasjon tilbyr jordmor, svangerskaps- og barselsomsorg, samt sjukepleiar på begge skolane. Formålet med tenesta er å fremje psykisk og fysisk helse, fremje gode sosiale og miljømessige forhold, samt førebyggje sjukdom og skadar.

Barnehage skal vere ein arena for eit godt barndomsliv gjennom danning, omsorg, lek og læring. Dei skal ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon og bidra til å utjamne sosiale forskjellar. Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og kjensle av eigenverdi, og han skal førebyggje krenkingar og mobbing. Barndommen har ein eigenverdi og barnehagen skal ha ei heilskapleg tilnærming til barna si utvikling, i tett samarbeid med heimen. Vi har to kommunale barnehagar i kommunen.

Skole: Aukra har to grunnskolar i kommunen som sørger for barna sitt skoletilbod i nærområdet. Ein av skolane er lokalisert på øya, mens den andre skolen ligg på fastlandet. Det er eit kommunesamarbeid kring ungdomskoleelevar frå sørsida av Fræna og fastlandsskolen i Aukra. Begge skolane har eit kommunalt SFO-tilbod for elevar frå 1.-4. klasse og ved særskilde behov òg for eldre elevar. Skolen skal jobbe kontinuerleg og systematisk for at elevane skal ha eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. Det er ein rettigheit elevane har.

Skulebasert innsatsteam mot mobbing: Kvart år blir mellom 35.000 og 50.000 barn mobba på norske skoler (avhengig av kva som vert lagt til grunn for berekninga). Mobbing kan gå føre seg over lang tid, utan at skolen klarer å stoppe det. Dette kan føre til alvorlege skadar hos de som blir mobba, negative miljømessige konsekvensar for dei som er tilskodarar og risiko for uønskt utvikling for dei som systematisk trakasserer andre.

Kommunen sine to skolar har utnemnd ei gruppe på kvar skole som har fått kompetanseheving i å forstå, avdekke og løyse mobbing. Alle lærarar bør kunne

dette, men i mange saker har både enkeltlærar og skuleleiar behov for støtte frå nokon som er ekstra godt skolert og trena. Innsatsteamet skal òg ha kompetanse på oppfølging av saker etter at mobbinga er stoppa, slik som relasjonell rehabilitering av elevar og klasser der mobbing har sett spor. I komplekse eller vanskelege mobbesaker, der det til dømes er utfordringar med habilitet eller behov for spesielt kraftige og særskilte tiltak, kan det være aktuelt å involvere eit innsatsteam på kommunalt eller regionalt nivå.

I løpet av barndommen opplever barn ein del overgangar til nye arenaar; det første møtet med barnehagen, frå småbarnsavdeling til storbarnsavdeling, frå barnehage til skole og vidare til vidaregåande skole. Å ha fokus på å gje barn ein god overgang vil gjere dei trygge, og slik bidra til å styrke deira psykiske helse.

Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) kan nyttas av foreldre, føresette, helsestasjon, barnehage og skole. Målet er å bidra til at førskolebarn, barn i grunnskolen, ungdom i vidaregåande og vaksne med særskilde behov får best mogleg læring og utvikling. Dette er eit interkommunalt samarbeid for Molde, Midsund og Aukra.

Barnevernstenesta skal bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår. Tenesta har som formål å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg. Den kommunale barnevernstenesta har eit ansvar for å avdekke omsorgssvikt, åtferdsproblem og sosiale og emosjonelle problem så tidleg som mogleg. Aukra kommune er med i eit interkommunalt samarbeid for Midsund, Molde, Eide, Vestnes og Aukra.

8.2 Teneste psykisk helse og rus – vaksne

8.2.1 Individuell oppfølging

Teneste psykisk helse og rus arbeider individretta etter metodar som er vanlege å nytte i fagområdet. Støttesamtale inneber å støtte den einskilde i prosessen med å verte frisk eller til å leve best mogleg med lidinga si. Ulike metodar og tilnærmingar som vert nytta i den kommunale tenesta er:

- Aktiv lytting, støtte og hjelp til å sortere tankar
- Rettleiing og undervisning

- Hjelp til å strukturere kvardagen og legge til rette for meningsfulle aktivitetar
- Generell oppfølging der ein samarbeider med einingar i eigen kommune og med spesialisthelsetenesta. I meir omfattande saker er det oppretta ansvarsgruppe
- Støtte i møte med til dømes NAV, arbeidsgjevar og spesialisthelsetenesta
- Oppfølgingsarbeid etter bistand frå psykososialt kriseteam

8.2.2 Gruppetilbod - dagsenter

Dagsenter psykisk helse og rus har miljøretta tiltak på gruppenivå. Det er eit lågterskeltilbod, som er ope to dagar i veka. Det er fleire tiltak som frukostgruppe, turgruppe og sosialt samvær.

8.2.3 Samtalegruppe

Samtalegruppe er eit tilbod om samtaleterapi på gruppenivå. Første samtalegruppa er planlagt å starte opp i mars 2019. Det vil vere to personar som driv gruppa. Det er ei samtalerække som vert gjennomført ein gong i veka over 12 veker for 4 – 8 personar. Kvar gruppesamtale er 1 ½ time med pause. Det vert gjort ei vurdering i 2019 om gruppesamtale skal verte eit fast tilbod, og om det skal satsast enda breiare med fleire grupper.

9.0 Særskilte utfordringar

Den største utfordringa fagpersonane opplever er at dei i målgruppene som treng tilboda mest ikkje møter opp eller tek i mot teneste. Kompetanse og systematisk arbeid på tvers av einingane kan senke terskelen for å ta i mot hjelp.

9.1 Bustadsosialt arbeid

Viser til Nasjonal strategi for bustadsosialt arbeid (2014-2020). I helsetilsynet sin risikovurdering av tenester til personar med samtidig rusliding og psykisk liding, kom mangel på tilpassa bustad opp som eit alvorleg risikopunkt. Òg i Aukra er dette ei utfordring. Mellom anna kan det handle om behov for akutt overnatting, behov for midlertidig bustad, personar som står i fare for å miste bustad, personar som ikkje har bustad etter utskrivning frå behandlingstilstand og personar som ikkje har økonomiske midlar til å dekke bustadutgiftene sjølve.

9.2 Utfordringar med helse sett i lys av arbeid og økonomi

Personar med psykiske lidningar og/eller rusavhengige er ofte i ein vanskeleg økonomisk situasjon. Erfaringar frå praksisfeltet syner at denne gruppa kan ha vanskar med å komme inn i den ordinære arbeidsmarknaden. Konsekvensar av dette kan mellom anna vere dårleg privatøkonomi. Dersom det er barn involvert er dei ofte av økonomiske grunnar utestengde frå fritidsaktivitetar og andre tilbod.

Arbeid er viktig for dei aller fleste. Fast inntekt gir moglegheit for å eige bustad, ha bil, kunne reise, i tillegg til at det har positiv verknad på verdigheit og sjølvbilete. Arbeid kan utvikle sterkare sosiale nettverk og styrke identitet i omgang med andre menneske. Det er få av dei med psykiske lidningar og rusavhengige som er i arbeid, men mange ønskjer å vere i arbeid.

Aukra kommune har fokus på målgruppa unge under 30 år med økonomisk sosialstønad som hovudinntektskjelde. Målgruppa skal prioriterast ved oppfølging og tildeling av kommunale arbeidsretta aktivitetstilbod. NAV viser til at det kan vere vanskeleg å finne eigna arbeidsretta aktivitetstilbod i Aukra kommune. Særskilt er dette for unge under 30 år som har økonomisk sosialstønad som hovudinntektskjelde. Dette gjer det vanskeleg å oppfylle kravet i helse -og omsorgstenestelova om aktivitet .

9.3 Rusvanar hos eldre

Alkoholvanane i den eldre delen av befolkninga har endra seg. Det totale alkoholforbruket har auka dei siste åra. Den største auka er blant kvinner og menn over 50 år. Det involverer i stor grad familie og andre pårørande. Personar i eldre år brukar ofte medisinar som kan gje andre og uheldige effektar i bruk saman med alkoholinntak.

9.4 Psykisk helse hos barn og unge

Det er ei auke i tal på ungdommar i Aukra kommune, som slit i kvardagen. Fleire unge opplever depressive symptom og einsemd. Ein del opplever seg utestengde og føler seg mobba.

Ei utfordring som blir meldt frå helsestasjonen, barnehagane og skule handlar om foreldrerolla. Fleire foreldre har problem med grensesetting, og kjenner seg usikre på mange område knytt til barn og unge sin oppvekst.

9.5 Psykisk helse hos flyktningar og innvandrarar

Flyktningar og innvandrar har ofte hatt traumatiske opplevingar i livet før dei kjem til Aukra kommune. Dei ber med seg opplevingar i tillegg til at dei har andre kulturelle utfordringar i møte med norsk kultur. Ofte ser vi at det kjem til uttrykk gjennom haldingar som ber preg av skam når det gjeld psykisk sjukdom og lidingar. Det kan vere eit hindring for å ta imot hjelp frå hjelpeapparatet.

10.0 Mål og plan for handling

Mål og tiltak blir revidert årleg av «Styringsgruppe rus og psykisk helse» for å sikre:

- framdrift i gjennomføring av tiltak
- styrka samhandling mellom einingane
- at ein kjem i posisjon til å søke midlar frå nasjonale satsingsområde
- at tiltak/sak til budsjettprosess i kommunen er utgreidd i god tid

Hovudmåla i planen omfattar tre nivå for å sikre tenesteutvikling i tråd med nasjonale handlingsplanar, lov og forskrifter: samfunnsnivå, organisatorisk nivå og brukar/pasientnivå.

10.1 Samfunnsnivå

- Etablere møteplassar der alle innbyggjarar i Aukra opplever at dei høyrer til.
- Utvikle eksisterande møteplassar.

10.2 Organisatorisk nivå

- Sikre kompetanse og kontinuitet hos fagpersonar slik at barn, unge og familiar som slit i kvardagen får hjelp.
- Samarbeid på tvers av einingar/avdelingar for å sikre gode tenester og gode overgangar.

10.3 Brukar/ pasientnivå

- Ha eigna, midlertidige og tilgjengelege bustadar til personar med rusproblem.
- Møteplassar for barn, unge og eldre.
- Alle som ønsker og meistrar det skal ha ein meningsfull aktivitet og/

eller inntektsgjevande arbeid.

- Arbeide for å redusere bruk av alkohol og medikament hjå eldre.
- Støtte og rettleie i foreldrerolla.
- Legge til rette for at flyktningar og innvandrarakar vert kjent med lokale forhold.

10.4 Tiltaksdel

Hovudmål 1: Møteplassar

Slik vil vi ha det	Slik gjer vi det
Har møteplassar som har interesse for ulike brukargrupper der alle kan oppleve at dei høyrer til.	Samarbeid mellom ulike aktørar som skaper møteplassar for alle målgrupper i Aukra.
At det skal være mogleg for alle å komme seg til møteplassar.	Etablere eit transporttiltak på øya som korresponderer med ferje og rutebuss på fastlandet.
Utvikle eksisterande møteplassar.	Gjennomføre brukarundersøking for betre å kunne treffe behova hos unge og eldre.

Hovudmål 2: Kompetanse, samarbeid og medverknad

Slik vil vi ha det	Slik gjer vi det
Ha kompetanse og kontinuitet hos fagpersonar som skal dekke behov for tenesteyting.	<ul style="list-style-type: none">- Utarbeide kompetanse- og rekrutteringsplan.- Legge til rette for at tilsette kan ta vidareutdanning og kurs.- Delta i ulike nettverk med andre kommunar m.m.- Arbeide for eit godt arbeidsmiljø for å rekruttere og behalde kompetanse
Kvalitet på tenester og gode overgangar.	Samarbeide på tvers av einingar, avdelingar og fagpersonar.
